

Balestrand Pensjonistlag

1974–2024

Framsida er ein collage av akvarellar med motiv frå Balestrand

Alle akvarellane i boka
er av kunstnar
Bjørg Frøisok Bjøberg




«Kvilestund ved fjorden» Utsyn frå Esebotn



«Etter første snøfall»
Esefjorden med Vindreken og fjella i Esebotn. Etter
snøfall vert «løva» med snute og manke markante.
Høgre framlabb kviler på fjorden.




«Vinter klåre» Torsnes i framgrunnen
og Trollakyrkja i Vetlefjorden ruver i
bakgrunnen.



«Under Gulleplet»
Esebotnfjella sett frå Bondeviklåven



«Kyrkja på Tjugum»
med den gamle steinmuren og
smijernsgrinda.



«Kyrkja på øyna»
Kvamsøy kyrkje

INNHOLD

1. FØREORD	3
2. HELSINGAR	7
3. BALESTRAND PENSJONISTLAG FRÅ ÅR TIL ÅR	10
4. MEDLEMSMØTE	18
5. FESTAR OG ANDRE SAMKOMER	26
6. PLUKK	30
7. TURAR	34
8. FEM I FORBIFARTEN	45
9. PENSJONISTLAGET I DAG	48
10. ETTERORD	60
SONGAR TIL BALESTRAND	63

Redaksjon: Anny Urtegård, Berit Flatheim, Bjørg Bjøberg, Karstein Fardal og Margot Ryssdal.
Me takkar Asbjørn Feten for god teknisk hjelp.

KAPITTEL

I

Føreord



"Lille Veronika i graset" Tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*

Veronika er ein av dei minste blomane i bakken.
Han blir ofte oversett og tråkka på, men han reiser seg att,
frisk og freidig og lyser opp
om du bøyer deg og retteleg ser han.
Han står for mot og styrke,
nett som pensjonisten i Balestrand.



Balestrand pensjonistlag blei skipa i april 1974, og det formelle skipingsmøtet var 24. mai 1974. I år fyller laget 50 år, og me vil heidra den livskraftige jubilanten med dette heftet.

Pensjonistlaget har gjennom åra betydd mykje for mange

av dei eldre i Balestrand. Når ein les møtebøker og andre referat, er det tydeleg at aktiviteten var svært god. Det har vore interessante foredrag og aktuelle tema på plakaten. Både lokale og nasjonale problemstillingar har engasjert.

Dei kristne og kulturelle verdiane var sentrale i laget. Dette kom til uttrykk ved at ein på kvart møte hadde både andakt og kristne songar. Laget var, og er, ein bevisst samfunnsaktør, oppteke av det som er til beste for alle, ung som gamal.

Tidene endrar seg. Perspektivet må likevel vera i samsvar med dei grunnleggjande verdiane samfunnet vårt er tufta på.

Pensjonistane sine kår har vore det sentrale.

Pensjonistlaget vårt har i alle år hatt samarbeid med andre pensjonistlag. Vi har og hatt eit godt samarbeid med eldrerådet og kommunen.

Vegen vidare er alltid spennande. Det er viktig at laget fylgjer med i tida og tek opp aktuelle tema og utfordringar. Laget har heile tida møtt generasjonsutfordringar, men kanskje meir no enn før. No skjer ting raskare enn nokon gong, og ikkje alle klarar å fylgja med i den digitale utviklinga.

Vi håpar og trur at laget framleis vil ta vare på alle og skapa gode møteplassar der ein kan samlast på tvers av alder og interesse. Det er også viktig at laget er representert i eldrerådet. Skal kommunen gjera gode vedtak i eldrepolitikken, treng dei innspel og råd.


Pensjonistforbundet har vore eit talerøy for dei eldre, og skal framleis vera pensjonistane sin fagorganisasjon. Me ynskjer å vera «tydeleg, sterk og synleg» til nytte og glede for heile lokalsamfunnet vårt.

Anny Urtegård

*Ein reiseglads gjeng, står det å lese på side 37.
Dei har sett mykje av landet og til og med utlandet!
På denne sida vil vi ta eit nærsyn på vår eigen natur, våre eigne fjell og fjorden vår.
Den vakraste i verda.*




"Utsyn frå Tuftedalen"



"Fjell i tale" Tussnipa i Lånefjorden




"Sværasmeden og smia"



"Spor av krefter" Nedre Vindreken



"Haustsyn frå Thue"



"Under Trollakyrkja"

Eiken i Vetlefjorden

KAPITTEL

2

Helsingar



"Nytt liv ved bekken"

Bekkeblom *Caltha palustris*

Ein av dei første blomane som helsar våren.
Skin som sola og spreier glede og håp til livet.

Balestrand Pensjonistlag

50 år for det gode fellesskapet

Så kjekt det er for meg på vegne av Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane å gratulere Balestrand med 50-årsjubileet.

Gjennom alle desse åra har gode, engasjerte eldsjeler, saman med andre pensjonistar i laget, lagt til rette for dei fine møteplassane der det gode fellesskapet vert skapt.



Når vi vert eldre og kanskje litt slitne etter eit langt arbeidsliv, tenkjer vi kanskje det skal bli godt å få litt rolegare dagar der vi kan dyrke eigne interesser i større grad. Dette er viktig, men likevel er det mange som vert einsame og kanskje har fysiske utfordringar som gjer at dei vert sitjande mykje åleine. Her er det pensjonistlaget gjer ein god og viktig jobb.

Her vert den gode balansen mellom dei hyggelege sosiale møteplassane og dei gode politiske og faglege diskusjonane kring våre utfordringar praktisert. Den gode praten over kaffikoppen og erkjenninga av kor viktig det er å bruke vår felles styrke til å gje klåre meldingar til våre lokale, regionale og nasjonale styresmakter om korleis utfordringane våre best kan løysast.

Vi vert stadig fleire eldre. Vi er ein ressurs. Vi er ein lokalsamfunnsaktør. Eit aktivt og godt pensjonistlag styrkjer denne rolla.

Balestrand Pensjonistlag har fylt denne rolla gjennom 50 år på ein god måte, og mitt ynskje er at laget i åra som kjem held fram på denne kurset. Eg håpar nye medlemmar kjem til, og at laget framleis kan vere med å leggje til rette for ein god kvardag for medlemene sine.

Eg ynskjer alt godt for pensjonistlaget i komande år.

Med venleg helsing

Nils R Sandal

Styreleiar i Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane

Jeg har fått gleden av å hilse og gratulere Balestrand Pensjonistlag i anledning av 50-års jubileumet.



Jubileer gir oss anledningen til å se tilbake på den betydningen laget har hatt i de årene som det har eksistert, fra den spede begynnelsen, med kvinner og menn som hadde visjoner og tro på hvordan en gjennom et lokalt lag kunne etablere møteplasser for pensjonister og forbedre deres sosiale situasjon og levekår.

Derfor er det alltid på sin plass å takke både de som gikk foran, men også alle de som har vært med å utvikle laget og lede det fram til det som det er idag.

Balestrand Pensjonistlag er en livskraftig 50-åring som representerer grunnmuren i Pensjonistforbundet. Vi vet styrken i arbeidet vårt er nettopp lokale lag som er aktive og synlige i lokalsamfunnet i de sakene som har betydning for den generasjonen vi representerer. Med medlemsmøter som gir hygge og styrker vennskap, ulike arrangementer som turer til

nær og fjern, så bidrar laget til en bedre folkehelse og også motarbeider ensomhet og utenforskapskap.

Dette er jo også grunnlaget for det faglige og politiske arbeidet vårt som er å sikre gode og forutsigbare levekår. På nasjonalt nivå kan vi arbeide opp mot Regjering og Storting for en rettferdig og anstendig pensjon for alle. Vi kan påvirke i forhold til statsbudsjettet om kommuneøkonomi, boligpolitikk, helsepolitikk, digitalisering og samferdselspolitikk for å nevne noe. Men vi lever ikke på nasjonalt nivå. Det gjør vi lokalt i den enkelte kommune og da trenger vi lag som Balestrand pensjonistlag til å følge sakene opp mot kommunestyret enten direkte eller gjennom eldrerådet.

Vi er heldige som lever i et land med store menneskelige og økonomiske ressurser. Våre generasjoner har vært gjennom endringer som våre forgjengere knapt kunne trodd var mulig på mange områder. Men på et område ville de ha kjent seg igjen nemlig et samfunn med større forskjeller. Det var deres viktigste kamp og nå er det også vår.

Vi skal slåss for at alle skal ha det bra og da må vi ta et spesielt ansvar for de som har minst og sliter mest.

Den store endringen i Norge er ikke at vi er så mange eldre. Den store endringen er at vi lever så lenge. Det betyr at det arbeidet vi står sammen om er nybrotsarbeid, og de beste løsningene finner vi med å bygge broer mellom generasjoner. På den måten kan vi ta bedre vare på dagens og morgendagens pensjonister, og deres levekår.

Derfor vil jeg avslutte med å takke dere for alt laget har gjort i disse 50 årene, gratulere å se frem til stor innsats og samarbeid i årene som kommer.

Jan Davidsen, leder i Pensjonistforbundet

KAPITTEL

3

Balestrand Pensjonistlag

frå år til år



"For hjarte og sinn" Revebjølle *Digitalis purpurea*

Høgreist og stolt
lækjande plante frå naturen
heilar kroppen og sinnet

Dei eldste møtebøkene til laget er samla på Fylkesarkivet. Den nyaste møteboka er ikkje fullskriven, og er framleis i laget.

Redaksjonen har hatt mange kjekke stunder med høgtlesing og diskusjon, men og mykje «bringe-verk» når stoffet skulle veljast ut – og ikkje minst når noko måtte veljast vekk. Me har plukka ut etter beste evne, og presenterer her oppstarten og stoff frå periodane 1974-1989, 1990-2011 og 2012-2024.

PENSJONISTLAG I BALESTRAND FRÅ 1974

I eit attersyn som Bernhard Rutledal skreiv i 1984, fortalte han mellom anna om korleis laget vart skipa. Me siterer:

«Lions Club i Balestrand fekk skriv frå formannen i Sogn og Fjordane Pensjonistlag, Gudleik Førde, med oppmoding om å starta eit lag i Balestrand.

Lions Club gav soknepresten i oppdrag å undersøkja trøngsen for eit slikt lag i bygda. At det var mange nok til eit lag, var klårt. Berre i Tjugum sokn var det meir enn 200 som var over 67 år. Dei pensjonistane presten fekk høve til å spørja, svara alle positivt. Etter dette sende Lions Club eit rundskriv til alle over 67 år



Jens K Ese
Bileteigar: Kjell Ese



Egil Steen Thorbjørnsen
Bileteigar: Balestrand sokn

med orientering om kva dette gjekk ut på. Omlag ein månad etter vart det kalla saman til skipingsmøte, der Gudleik Førde ville koma for å orientera. Så kunne pensjonistane sjølve avgjera å skipa lag eller ikkje».

Den 20. april 1974 vart pensjonistane bedne og samlast på Midtnes pensjonat kl. 18.00. Jens Ese, formann i Lions Club, hadde kalla inn alle over 67 år. Det var godt frammøte. Han leia møtet og gjorde greie for føremålet med det. Han gav ordet til fylkesformann Førde som gav god orientering om dei oppgåver eit slikt lag kan ha for dei eldre i bygda. Om dette vart det samtale. Det eigente skipingsmøtet vart utsett til seinare. Men alt no teikna 34 pensjonistar seg som medlemer.

Til å førebu val m.v. til neste møte vart det sett ned eit arbeidsutval. Desse var: Anna Holen, Ola A. Målsnes og Bernhard Rutledal. Utvalet møtte hjå Anna Holen 26. april og gjorde vedtak om å kalla saman til møte på Midtnes pensjonat 24. mai. Dette utvalet gjorde delvis framlegg til sytten slik: Til formann, Anna Holen, varaformann O. A. Målsnes, skrivar B. Rutledal. Til kasserar: ikkje framlegg, 2 styremedlemer heller ikkje».



Lars Gjeraker
Bileteigar: Arne Gjeraker



Per Kvikne
Bileteigar: Mulla Kvikne

På møtet 20. april stilte desse for Lionsklubben: Jens K. Ese, Egil S. Thorbjørnsen, Lars Gjeraker og Per Kvikne (som førde møteboka).

Stiftingsmøtet

Me siterer referenten Bernhard Rutledal:

«Den nemnde dato 24. mai vart møtet halde. Frammøtet var om lag som sist. Anna Holen ynskte velkommen og lyden song «Kunnskap skal styra rike og land». Så vart det føreteke val på styre med dette

utfall: Anna Holen, formann, O.A. Målsnes, varaformann, Bård Thue, kasserar. B. Rutledal, skrivar, Anna Mehl, styrelem. Og dermed var laget skipa. Anna Holen tok no over leiinga av møtet».

Ved årsskiftet 1974/1975 hadde laget 61 medlemer.

PERIODEN 1974-1990

Dei fyrste åra vart styremøta haldne heime hos Anna Holen, og medlemsmøta på Balestrand Pensjonat eller på Midtnes. Skulle det vera større arrangement eller festar, var staden Kviknes Hotel. Messer og basarar vart haldne i Bedehuset, og juletrefestane på Askelund.



Rødekorshuset

Då drifta ved sjukestova vart nedlagd i 1977, kom det opp spørsmål om kva huset vidare skulle brukast til, kom opp. Pensjonistane hadde nok ein draum om ein fast møtestad, og fleire lag var interesserte i å overta huset.

På årsmøtet i Balestrand Røde Kors i 1980 skulle framtida til sjukestova avgjerast. Anna Holen oppmoda om at så mange

som mogeleg måtte møta fram. Her vann tanken om eit eldresenter fram. Huset vart ikkje selt, og pensjonistlaget skulle få leiga. Huset vart ombygd og fekk møtesal og kjøken. Det kom og ein del inventar på plass. Stolar og bord frå Kviknes Hotel, brukte, men gode. Piano vart innkjøpt, betalt med pengegåver frå pensjonistane. Koppar og kjøkenutstyr kom på plass. Det vart investert i høgtalaranlegg og talarstol. Medlemmene var rause med gåver. Rundt på veggene var det måleri, vovne teppe og klokkestrengar, og på borda dukar og lysestakar.


Det fyrste møtet i Eldresenteret var 26. oktober 1981.

Vigslingsfesten vart halden i november 1981. Då var det stor fest på Kviknes Hotel med gjester frå sentralstyret og fylkesstyret i Røde Kors.



På vigslingsfesten var det så mange innbedne gjester at berre styret i Balestrand Pensjonistlag fekk plass. Dette tykte nok Balestrand Røde Kors var leitt, så tre dagar etterpå bad dei pensjonistane inn til «ettervingsla». Formannen i Balestrand Røde Kors, Oddvar Eikelund, var vert på denne samkoma og. Denne gongen var dei truleg i det nyvigsla Eldresenteret. Talane frå vigslingsfesten var tekne opp på band, og vart avspelte. Sigrunn Ytfjord hadde skrive prolog til festen på Kviknes, og den prologen las no Anna Holen. Vigslingsfest nr. to vart avslutta med rømmegraut, spekemat og kaffi, alt spandert av Balestrand Røde Kors.

Den 26. okt. vart halde møte i Eldresenteret i R. K.
huset for fyrste gong. Møtesalen var fullsett.
Fra Holen ynskte velkomn. Velle er ein stor dag, sa ho.
Rell nok var det i byrjinga litt skrid. Ho meinte dette
vart «storstova» for flere lag.



Pensjonistlaget engasjerte seg ikke berre i lokale saker. I 1981 støtta dei mellom anna Rednings-selskapet sitt arbeid med å få bygd jubileumsskøyta Olav V.

Anna Holen, den første formannen, vart nesten legendarisk med sine 15 år som leiar. Det same kan vel og seiast om den første skrivaren, Bernhard Rutledal. Dei slutta begge i 1989. Nestformannen O. A. Målsnes sat nesten like lenge.

Anna Holen døydde 21. februar 2004. Me tek med det fine minneordet som Sigrunn Ytfjord skreiv om henne:

«So er etter ein god ven borte og tomrommet er stort, som alltid når gode vener dør. Men særleg stort er tomrommet etter eit menneske som Anna Holen. Ho hadde ein aura rundt seg som gjorde henne til eit naturleg midtpunkt i ly og lag. Det opne varme smilet og glansen i augo hennar verka som ein magnet på dei som var i same rommet.»

Anna Holen var glad i sine medmenneske og ville dei vel. Ho var inkluderande i den forstand at ho ikkje utelukka på grunn av religiøse eller politiske standpunkt, heller ikkje etter etnisk opphav. Difor hadde ho utruleg mange

gode vener. Dei mange utanlandske pleiarane ho m.a. hadde rundt seg dei siste åra, var oppriktig glad i henne, ja dei såg rett og slett fram til vaktene saman med Anna.

Songen «La oss leve for hverandre og ta vare på den tid vi har» var hennar livsmotto. Den song ho heilt til det siste, og den levde ho etter. I takkesemd for livet samla ho slekt og vene rundt seg kvar 17. mai for å feira fødselsdagen. Til og med rett etter ein amputasjon av eine beinet, samla ho for nokre år sidan venene rundt seg på Sentralsjukehuset og song og underheldt dei på ymse vis frå sjukessenga. Ho hadde solskinn i sinnet, og eg høyrde aldri ho klaga. 17. juni 2003 vart hennar siste fødselsdag feira i god gamal stil, men ein kunne no merka at sinnet hennar var stemt meir i sordin. Tårene kom lett. Ho følte nok no at livet - det ho hadde elskar, var i ferd med å ebba ut.

Anna Holen var ei klok kvinne med rik livserfaring. Ho måtte oppleve og miste alle i den nærefamilie, med unntak av eit tantebarn. Men ho Anna var tante for so mange. Sjølv hadde ikkje ho og mannen, Eirik Holen barn, men i sine velmaktsdagar samla ho borna i nabolaget rundt seg, kokte kakao til dei, song og fortalte eventyr, tøysa og lo og hadde det morosamt. Og borna elskar henne. Dette vart gode barndomsminne for so mange.

Anna Holen var ei samfunnsengasjert menneske. Ho var i yngre år mykje med i styre og stell. Ho var med i Røde Kors arbeidet heile livet, og var øresmedlem av laget. Ho var med i misjonsarbeidet, og på sine eldre dagar var ho



med å stifta Balestrand pensjonistlag der ho var leiar dei første 16 åra. Sogelaget interesserte ho mykje, og ho var ein ypperleg forteljar. Ho hadde eit godt minne og fortalte ofte og gjerne om keisartida i Balestrand, og om gamal sed og skikk. Mot alle odds vart ho medlem av Balestrand Arbeidarparti, sjølv om ho tilhørde eit sokalla borgeleg miljø. Ho ville kjempa for dei svake og undertrykte i samfunnet i ein heilt anna tidsepoke av soga vår. Ho var medlem av kommunestyret for AP i nokre år, og var ein uredd representant når det galt å skapa rettferd i samfunnet.

Anna Holen var framfor alt ættekjær. Ho var stolt over å vera ei grein av Kviknefamilien. Faren, Jens Kvikne kom frå den same greina i Erdalsdalen som brødrene Ole og Knut Kvikne – grunnleggjarane av Kvikne Hotell. Mora, Solveig var frå Myri i Balestrand. Foreldra bygde det sokalla Kaihuset i Holmen der det var post og d/s ekspeisjon.

Bortsett frå nokre fåe år levde Anna alle sine dagar i Balestrand, og ho var ein Balestrand-patriot av stort format. Og like stor patriot var ho når det galt landet vårt. Fedrelandskjærleiken blømde rikt i sinnet hennar, og 17. mai var ein av dei største festdagane i året.

Menneskevennen, bygdepatrioten, samfunnsrefsaren, kulturmennesket, medmennesket Anna Holen er borte, men etterlet seg ein arv me alle skal ta vare på. Eit godt føredøme er ein god arv.

*Så godt å ha kjent deg gode ven
Du som gav kvardagen sjarm
Med optimisme og takksemrd for livet
Berande, trufast og varm.
Du bygde di borg med ope sinn,
Så godt det var å få stiga inn.
Signe minnet ditt».*

PERIODEN 1990-2011

1990-1992: Leiar Per Limmesand. Det var m.a. arrangert ein tur til Espedalen i Gausdal.

1992-1996: Leiar Arne Målsnes. Blant anna var det turar til Massnes (Villmarkssenteret) og til Underdal. I denne perioden var medlemsverving eit viktig tema.

1996-1998: Leiar Sigurd Farnes.

1998-1999: Kontaktperson Sigurd Farnes. Sigurd sa frå seg leiarvervet på årsmøtet -98. Men sidan nestleiar var sjuk, tok han på seg å vera kontaktperson for eitt år. Det var mange turar medan Sigurd var leiar, mellom anna til Villakssenteret i Lærdal og ein tur til Frekhaug. Ambulansen i Balestrand hadde ikkje hjartestartar, og laget gav eit tilskot på 1000 kr til dette.

BALESTRAND PENSJONISTLAG

Balestrand 8. mars 1993.

Gods pensjonist.

Me er kjende med at du er pensjonist.
Du har teke til med ein ny tidbok i livet ditt.
Lat denne tida verte meiningsfylt og gjevande.
Pensjonistlaget i bygdene er med på å hjelpe til med dette.
Me vil difor nemna Balestrand Pensjonistlag som eit godt tilbod. Balestrand Pensjonistlag har vore i drift i 18 år.
Me er tilslutta Sogn og Fjordane Pensjonistlag og Norges Pensjonistforbund. Medlemstale i laget vårt er 55, og på landsbasis har pensjonistforbundet om lag 130 000 medlemmer.
Forbundet har forhandlingsrett med staten, noko som er eineståande i europeisk samanheng.
Laget vårt har om lag eitt møte kvar månad. Me har varierande program, både alvor og gaman. Og me tek opp ulike spørsmål og saker av interesse og til gagn for pensjonistane.
Det er berre gjennom ein ordna og velutbygd organisasjon ein kan nå fram med sine krav. Samla er me sterke.
I sumarhøvåret skipar laget til turar for pensjonistane. Sist numar skipa me til Jæringstur med stor deltagning. Turane vert lagt opp slik at dei passar for oss som har lagt ungdommen bak ous, og fordi me reiser i grupper vert det svert rimelige i pris.
I alt me feretek oss er det sosiale samverket av stor verdi. Styret er alltid oppe for gode råd og tips om saker ein bør ta opp og om aktivitetar ein kan driva med. Målet er å arbeida til beste for pensjonistane på det kulturelle og sosiale så vel som det økonomiske plan. Laget og forbundet treng flest mogeleg medlemmer for å vinna fram med pensjonistane sine rettkomne krav.
Me er visse på at også du treng laget.

1999-2008: Inger Sjøthun tok over leiarvervet i Balestrand pensjonistlag i 1999, etter eit år då laget hadde vore utan leiar. Mange aktuelle saker vart tekne tak i, t.d. seniorskyssen. Noko som og blei drøfta på styremøta, var auka kontingent og oppfriskingskurset 65+, som dei hadde fått tilbod om frå Statens Vegvesen.



Inger og Olav Sjøthun. Bileteigar: Halvor Sjøthun

Inger og ektemannen Olav var begge på ulikt vis viktige for laget. Dei la ned eit stort arbeid, og dei fylgjande åra blei ei innholdsrik tid for laget. Olav var ei viktig støtte for Inger. I tillegg var han ein engasjert og dyktig turleiar. Laget sitt 25- årsjubileum vart feira i denne perioden.



25-årsfesten 1999. Til venstre og bakover: Sigurd Nessestrand, Arne Tveit, Alf Aalhus, Severina Aalhus, Tordis haugen og Gunvor Langeteig. Til høgre og bakover: Alf Lee, Sverre Eithungjerde, Turid Menes, Hjørdis Tjugum, Ingeborg Frøysland, Gladys Nokken og Anna Linde.
Bileteigar: Balestrand Pensjonistlag



25-årsfesten 1999. Banksjef Johannes Sjøtun, Berit Herland, kyrkjelydssekretær Jan Herland, fru Nord, fylkesleiar Arne Nord, ordførar Åse Kari Einevoll, Sigurd Farnes, æresmedlem Anna Holen. Bileteigar: Balestrand Pensjonistlag




25-årsfesten 1999. Til venstre og bakover langs veggan: Inger Sjøthun, Johanna Bondevik, Borghild Thorsnes, Klara Nessestrand, Sigrid Sæle, Gerda Glosvik, Hellfrid Koldingsnes, Ingebjørg Målsnes. Til høgre og bakover: Hulda Målsnes, Gunnår Lee, Astrid Fjærstad. Bileteigar: Balestrand Pensjonistlag



25-årsfesten 1999. Frå venstre: Klara Nessestrand, Astrid Fjærstad, Sigrid Sæle (delvis gøymd), Elisabeth Skaasheim, Helga Linde, Dagny Sværen, Toralf Sværen, Aagot Aarskog.
Bileteigar: Balestrand Pensjonistlag.



25-årsfesten 1999. Ordførar Åse Kari Einevoll.
Bileteigar: Balestrand Pensjonistlag



25-årsfesten 1999. Fylkesleiar Arne Nord.
Bileteigar: Balestrand Pensjonistlag

2006: Rødekorshuset blir selt.

Balestrand Pensjonistlag brukte Rødekorshuset som eldresenter fram til 2006. Då vart huset selt. Etter salet sat pensjonistlaget att med utstyr og inventar, blant anna: Alt dette blei selt eller loddet ut til inntekt for laget, men pensjonistane nytta Rødekorshuset til møta sine fram til coronapandemien. Då kravde møta meir plass på gunn av reglane. Etterpå vart lokalet for lite grunna aukande medlemstal.

- Blomsterfri lagt.
Festspor 1971.
- Blomsterfri lagt.
Så klyre ikke ikkje Bjarne Liude, Tonni Balvik og Torgeirig Jørstad. Vi var godt ikke begjerd tilslag.
- Dei drofta eigarskiltet for Røde Korshuset og der Pensjonistlaget i klype loren skal ha vo medlemmer i klyre, mot vo vir. Dei som var ei klyret for laget var Bjarne Liude, (idar ditta med assundum gi laret). Eigarskiltet kom, Pensjonistlaget har Røde Korshuset av klyraude, 18.6.7-1991.
1. Eitt maleri, av: Ragnhild Sorensen, Blomsterkrysset, (8 kladrosjer).
 2. Eitt dove teppe, av: Birthe Bråthen.
 3. Hekla klokkesleng, av: Tuha T. Liude
 4. Eitt dove lapp, (luehug) av syster Ragnhild, Kuschus billede
 5. 4 biller, av: Ola Koikne.
 6. Piano, gitt fra Pensjonistlaget,

7. Pajsokrakk, av: Farald Føyvik
Drekål — "
8. 100 bøller og clire bord. Gitt eigare bauan av Røde Kors.
9. Salatsol, av: Trond Høstmark
10. Brodert suls, av: Elise Næsheim
11. Ein bordlopat, av: Sister Ragnhild
12. 4 kaffikanner
1 støs — "
13. 100 koppas, med fat og asjett
2 gløysternuggar
6 stk. sukkerskålur.
100 " teskuer.
14. 2 " Waffelkakejort, ord. Trond Høstmark og
1 " Bridelag, Tonni Balvik
15. 1 " Løsestaker, (3 avura) ord. og gjita Sørmlis.
16. 10 " Blomstervaser, gjort Truskog,
11 " Løsestaker glass, Røien
17. 1 " Pajstung med krok fløpl. Tonni og Gunnvor
1 " julehefde, Gunnvor
18. 1 " jullekrent og lys, Gunle Gløsøie
- 9 " Kutede dukar, Røigafaravlegg.
Trikkrapprat, Gunn Røistrom.

2008–2010: Maria Gjerde



I Maria sin periode hadde pensjonistlaget ein minneverdig tur til Ulvik. Ho skreiv ein song med eigne illustrasjonar til bruk på turen. Dei besøkte Hjeltnes garnnarskule, Hardanger Saft- og Siderfabrikk, og heimen til Olav H. Hauge. Heile 39 personar var med. Denne turen vart det snakka mykje om i etterkant.

2010–2011: Leiari Sigrun Ytfjord. Maria Gjerde vart sjuk i november 2010 og Sigrun Ytfjord gjekk inn som leiari for eitt år.

PERIODEN 2011–2024

2011–2014: Leiari Jan Andersen.

I denne perioden var laget mellom anna på tur til Aurland, Geilo og Eidfjord saman med pensjonistlaga i Vik og Fresvik. Det var også ein tur til Nordfjordeid og ein lengre tur til Trondheim.

2014–2016: Leiari Atle Instebø.

Etter å ha vore dyktig turleiar og kasserar nokre år, vart Atle Instebø vald til leiari i 2014. Flytting av biblioteket frå Sjøtunsmyrane til Sagatun skule og framlegg om endringar i kyrkjerommet i Tjugum var to av fleire viktige saker i denne perioden. Turar: mellom anna Til Dalsfjord og Bergen (Historisk museum) og ein kortare tur til Sogn Folkemuseum på Kaupanger. Hausten 2014 vart laget sitt 40-årsjubileum feira i Bygdahuset.



Styremøte på verandaen. Anders H. Balevik, Olga Jorddal, Liv Turid Bolstad, Anders K. Thue og leiaren knipsar bildet.
Foto: Anny Urtegård

2016–2024: Leiari Anny Urtegård

2024– : Kontaktperson Karstein Fardal

Mykje av opplysningane frå denne perioden står i kapittel 9. Pensjonistlaget i dag.

KAPITTEL

4

Medlemsmøte



"Etter regn"

Geitrams *Chamaenerion angustifolium*

Vill og vakker, kraftfull og blomerik,
sterk som stål står han på skrinne og steinute bakkar
og lyser opp i verda.

Dei fyrste åra - fram til 2008 - starta møta med andakt. Soknepresten var fast deltagar på møta, og i presten sitt fråvær kunne andakten bli halden av t.d. Signy Skaasheim, Ragnhild Thue eller kyrkje-lydssekretær Jan Herland. Karl Bøyum var fast pianist dei fyrste åra. Møta vart opna og avslutta med song. Songar som vart sungne på møta, var salmar og kristne songar, fedrelandssongar og kjende songar frå skulesongbøkene.

Dei gjekk gjennom aktuelle lagssaker og lokale saker. Det var og kåseri, foredrag eller opplesing. Så var det sjølvsagt matøkt, og på nokre få møte var det utloddning. Ein kort periode hadde dei trim på møta sine. Signe Herdis Sjøthun møtte opp og trimma medlemane, og stundom var det Anna Holen som leia trimmen.

Ein får tru medlemane hadde det veldig kjekt på møta sine, for i årsmeldinga for 1980 kan ein lesa at møta var «til stor hugnad» for dei. Her er eit utdrag frå fyrste møtet dette året:

...Anna Holen ynskte velkommen til møte og samvere i det nye året. Opningssong: Lover den Herre. Fyrst vart nokre lagssaker handsama...

... Det vart samtale om å kjøpa høgtalaranlegg. Fagermoen hadde innhenta tilbod frå Åse elektriske forretning i Førde. Tilboden lyder på 3590 kr...

...«Lei milde ljós» var sunge og Ragnhild Thue held andakt. Ho ynskte alle eit godt nyttår. Ingen veit kva som kan møta oss i nyåret. Ho nemnde bøneringen som kristne organisasjonar har skipa. Ringen omfattar alle kyrkjesamfunn. Biskop Lønning er formann. Dei deler seg i grupper som har møte ein gong i månaden. Sams møte ein gong årleg. Ho las noko av ein andakt av Georg Jonsen om «det levande vatn». Andakta slutta med bøn og «Gud signe Noregs land» vart sungen...

...Formannen bar fram helsing frå Signy Skaasheim som laut reisa til Haugesund for å vitja den 84 år gamle bror sin som var sjuk..

...Etter bordseta fekk trygdesjef Anders Thue ordet og gav ei orientering om trygdelova...

LOKALE KREFTER DELTOK

Møta hadde oftast einkvan som fortalte noko, heldt eit foredrag eller kåseri, las eit stykke dei tykte om, og liknande. Underhaldninga var stort sett ved medlemane sjølv, men «kapasitetar» frå nærmiljøet vart og nytt. Me tek med nokre eksempel:



Trim i hagen til Anna Holen. Ola A. Målsnes, Ola Farnes, Petra Linde (Lindane), Bernhard Rutledal, Brita Halse, Finn Hjartholm, Konrad Linde, Elsa Målsnes, Anna Thue, Karl Bøyum, Henrik Asperheim, Marie Haugen, s. Ragnhild Thue.
På benken: Brita Farnes (Trond-Brita), Anna Holen, Johanna Farnes. Bileteigar: Anna Holen

Sunt kosthald

Signy Skaasheim var ein helseprofet i bygda. Ho var vaktmann for det gode liv. Eit kåseri ho heldt om kosthald, er like aktuelt i dag som i 1980. Me siterer frå Bernhard Rutledal sitt møtereferat:

... Ho kåsera om kosthald. Ho minna først om dei gilde turane laget hadde teke. Det gjer godt både for kropp og sjel å koma bort frå det daglege kav heime. Det verkar fornyande. Ho gjekk så over til å tala om «helseø-konomi». Ho refererte ein svensk doktor si meining om helsa. Alle burde ha interesse for helsa si. Han nemnde både positive og negative sider.

Positive: Rett kost. Dagleg mosjon..

Negative: Tobakk. Alkohol. Einsidig kost.

Vekstane vil ha godt stell, gjødsel, vatn skal dei trivast. I motsett fall vil dei stura.

Menneske - ånd - materie. Det må takast omsyn til. Ordtak: «Maten er halve føda». «Ein sunn sjel i eit sunt legeme». «Me lever ikkje av brød åleine».

Dette hører saman i tilværet. Rein luft. Reint vatn. Rett levemåte. Me treng alltid rett samansett kost. Høveleg arbeid. Mosjon. God svevn. Ein må venja seg til døgnrytme. Velsigna godt å vakna frisk og opplagd om morgonen. «Om morgen tidleg me Gud vil lova, for han lært oss om trygt å sova». Ta gjerne ein morgonstrek. Så ein god frukost. Morgenandakt kan ein høyra på i radio. - Etterpå arbeid ute - eller inne. Etter ein rett samansett middag, ein kviletime. Kanskje ein trimtur om kveldane. Fyll kveldstida med lesing eller anna tidtrøyte...

Smeden fortel

På eit møte fortalte Hans Lunde (til dagleg kalla «Smeden») om då han var med på oppattbygginga i Finnmark etter krigen. Referenten Bernhard Rutledal skriv:

Lunde fortalte på ein lun måte om opplevelingar frå 1946. Saman med andre friviljuge frå Balestrand, Sogndal og Hafslo reiste han til Finnmark for å hjelpe til med atterreisinga. Med «Ragnvald Jarl» reiste dei frå Bergen. Men etter kvar vart båten fullsett av finnmarkingar som ville heimatt etter å ha vore evakuerte sørpå. I Tromsø bytte dei båt og fylgde vidare med «Sigurd Jarl». Lunde skulle vera smed, og hadde med seg ein reiskapskasse, den vart stolten på kaia.

Då dei var framkomne og skulle gå i land, vart dei «avlusa» og fekk pulver sprøyta på seg «både framme og bak», sa Lunde. Dei måtte innretta seg primitivt, bu i nyreiste brakker, for alle hus var brende, berre ruinar att. Dei bygde bruver så ferdsla kunne koma i gang. Det

kom ein del ferdighus frå Sverige. Myggplaga var stor. Kong Haakon kom ein gong for å sjå øydeleggingane og litt av atterreisinga. Eit musikk-korps hadde dei fått samla for høvet. Medan korpset spela fedrelandssongen, gjorde kongen honnør. Han stod roleg utan å lea ein finger så lenge dei spelte. Andletet hans vart grå-svart av mygg som fekk suga kongeleg blod så lenge dei lysta. «Eg har aldri vore så nær den fyren», sa Lunde.

Lunde vart og med til Karasjok, det tok ei vekes tid å koma dit. Der var alt ei øydemark, berre ei hytte stod att. Ho låg avsides og vart gløymd av «herrefolket».

I 1953 drog Lunde nordover att, men var då registrert som fiskar, og vart med på det livet og. Men det er ei anna historie.

MØTELOKALE

Dei første medlemsmøta vart haldne på Balestrand Pensjonat eller på Midtnes. Etter at Eldresenteret i Røde Kors-huset vart innvigd i 1981, vart mange av møta haldne der. Med aukande medlemstal trengst større lokale, og siste åra er Reiselivsmuseet ofte brukt.



Møterommet i Rødekorshuset. Liv Turid Bolstad, Solveig Ugulen og Aud Sande. Andre rekke frå høgre: Leif Grinde og Arnborg Grinde, Tordis Stokkebø, Rannveig Linde, Karin Mundal og Petra Våge, ?. Siste bordrekke frå venstre: Anders Alværén, Johannes Jordanger, Edith Bale, Annbjørg Alrek og Reidun Bale. Foto: Anny Urtegård



Vindrekken kafe på Reiselivsmuseet. Etter gode foredrag er det alltid godt med smørbrød og kringle frå Jon Gjeraker på Midtnes hotel. Første bord: Sissel Grøneng, Anne Marie Ese, Oddbjørn Ese og Mulla Kvikne. Foto: Anny Urtegård



Frå Reiselivsmuseet auditoriet. På dette møtet lyttar møtelyden til Gunnar Engan sitt kåseri «Frå fastlege til festlege».

1. rekke: Berit Flatheim, Kirsten Marie Aalhus, Ingrid Menes, Oddvar Menes. **2. rekke:** Gudrun Bruland, Anders K Thue, Olaug Lee, Synnøve Balevik, Turid Farnes, Kari Tordis Aarskog, Karin Mundal, Inger Johanne Hjartholm, Tordis Stokkebø, Reidar Berntsen. **3. rekke:** Ragna Andersen, Jan F Andersen, Erland Fagermoen, Johanna Fagermoen, Reidun Bale, Berit Thue, Knut J Thue, Marit Iren Mundal, Steinar Grøneng, Ruth Marie Grøneng, Aud Sande, Bjarne Kalstad. **4. rekke:** Ingunn Borlaug, Inge Menes, Annie Mundal, Aud Marit Engan, Arnborg Grinde, Kjell Bolstad, Liv Turid Bolstad, Sigvor Rendedal, Wenche Fossen, Else Lunde, Agnar Lunde, Brita Bale. **5. rekke:** Bjarne Våge, Jenny Våge, Einar Målsnes, Bjørg Else Målsnes, Hanne Sæbø, Britt Kvam, Rasmus Sunde, Aslaug Fjærstad, Mulla Kvikne, Tore Brudvik, Kjersti Brudvik, Reidun Torsnes. Foto: Anny Urtegård

FLEIRE SMAKEBITAR FRÅ MEDLEMSMØTA

Olav Sjøthun med sine allsidige interesser og kunnskapar bidrog ofte på møta. Blant anna heldt han eit kåseri som han kalla «Gamle minner» der han mellom anna nemnde ein «grisefest» på realskulen på 60-talet.

Olav Sjøthun hadde so ieu mondaauh inlegg som han kalla: «Gaml minne». Neik kåseri han hadde som lanaar på Realskulen på 60-talet heldt på ein «grisefest». Det gjorde godt å få triomma lattumsklau, for det tek ei tid før han kom fram til knifor grisene er symbolisk for festen. Til slutt kom dit -- .
Jan - , grisene u ieu deuljar!
Sangur: «La oss leu for heraudi», var avslutnings-



Kjell Bolstad og Gerd Jordanger.
Bileteigar: Liv Turid Bolstad

Gerd Jordanger og Kjell Bolstad er begge gode songar. Dei har allsidig repertoar, men spesialfeltet er gamle folketonar. Dei har ofte bidrege, åleine eller i lag, på turar og medlemsmøte. På julemøtet 04.12.2019 song dei «Little fuglen sette seg på lindekvist».

Anders K. Thue skrev og framførte både viser og dagsaktuelle prosatekstar med snert. Pensjonistlaget fekk godt av dette, me tek med to eksempel.

Sjukt språk

Sjukt og sinnsjukt er ord som vert mykje brukt i dag. Vi høyrer stadig uttalt at ting eller prestasjonar er sjukt bra, men kva er sjukt bra? Det skurrar i mine øyrer, men det er kanskje øyro mine som er sjuke.

Sjukt er eit negativt lada ord, bra er positivt lata. Dette blir reine kollisjonen, eller sinnsjukt.

Sinnsjukt er vel eit fellesnamn for fleire sjukdomar, så ein kan vel lura på kva diagnose ein person har som vert stempla som sinnsjukt därleg. Det må vera nummeret før katastrofe.

Våre idrettsheltar som no er klare for OL har lagt sin elsk på desse orda. Vi høyrer stadig at prestasjonar er sjukt bra eller därleg. Vår nye langrennsterne Klaebo sa i eit intervju på TV at det Marit Bjørgen driv med er heilt sjukt. Er Marit Bjørgen sjuk? Det ho driv med er utruleg bra og vitnar om at ho må vera nokolunde frisk, bortsett frå litt astmaplager, men det har jo dei fleste skiløparar. Det er litt sjukt det.

Me får vona at våre OL-deltakarar under OL i Korea held seg friske og at dei kjem heim med, ikkje sjukt mange, men med mange medaljar av edlaste sort.

Då Karsten Warholm vart beden om vurdera sin eigen innsats under VM i London sist sommar, skulle ein forventa at han brukte ord som «fantastisk, utruleg bra/godt», men



SJUKT BRA: Anders K. Thue tek eit oppgjer med vårt sinnsjuke språk.

(Arkivfoto)

slike ord er ikkje saftige nok. Nei, det var heilt sjukt, sa han, og vifta med armane. Skal tru kva den karen kan prestera i framtida om han vert frisk?

Så eit eksempel frå Norske Talenter. Brøndbo sin kommentar til deltakaren var: Du er sinnsykt musikalsk. I mine sjuke øyre høyrdet det ut som sinnsyk musikant, men det er vel om lag det same.

Vi har òg høyrat at vi lever i eit sjukt samfunn, og det kan vel på mange område vera rett,

men det litt for negativt, når det gjeld vårt samfunn i Norge. Det kan vel meir brukast på andre delar av verda. Det IS og andre terrororganisasjonar driv med må vel vera sjukt, for ikkje å seia sinnsjukt. Ein kan også seia at det Trump og andre korrupte politikarar driv med er sjukt. Om det er bra eller därleg er det sikkert mange meningar om.

Når vi i dag har årsmøte i Pensjonistlaget, og eg ser utover forsamlinga, så kunne

eg kanskje bli freista til å seia at det er sjukt mange folk her. Men det betyr ikkje at det er mange som er sjuke. Då hadde dei vore heime.

Elles vil eg påstå at vi har eit sjukt bra år bak oss i Balestrand Pensjonistlag, og at vi har ein sjukt bra leiar. Nei, dette var heilt sjukt! Takk for meg.

Anders K. Thue

FARLEG FRIERI

Fjærlandinga ville til Sogndølen fri, pirium
Kan eg få høyra til bygdi di?
Piri mitt mitt parium dam diri ditt ditt darium danpirium.

Velkommen til Sogndal alle mann, pirium
Men kva vil dei sei i Balestrand?
Piri mitt mitt.....

Lukka på reisa alle mann,
Det vil dei sei i Balestrand

Når skal så vårt bryllup stå?
Når skal me betre vilkår få?

Det skal me ordna så fort me kan.
Men fyrst må me spørja Fylkesmann.

(redigert) Tone: Tordivelen og fluga

Me må nok ta det litt med tol.
Fyrst må me få oss eit ferdahol.

Ja tenk om me hol til Sogndal får
Då haustar me frukter av det me sår.

Kven skal føra oss til Sogndal fram,
han Gabriel eller han Abraham?

Den dagen me kjem oss til Sogndal med slakt
Me alle vil jubbla høgt i takt
Men tenk om me hol til Jølster fekk?
Då dauar me kanskje av gjennomtrekk.
Piri mitt mitt parium.....

Innhaldet har variert, men bortsett fra andakten og trimmen har medlemsmøta stort sett hatt same oppbygging heilt fram til no. Stadig nye og aktuelle saker har gjort at det ikke vart einsformig. Som døme på eit møte frå nyare tid tek me med Berit Flatheim sitt referat, med sirleg handskrift, frå mars 2024.

Pensionistmøte 6. mars 2024

Me møttest på Reiseliusmuseet som vanleg, og i dag var me 50 personar framnøtte. Det kan ikkje sta så ille til med oss, for det gode framnøtet var nok ei teikn på at alle hugsa at det var nytt framnøtetidspunkt i dag. Litt problem med högtalaren i dag og - dei som sat bak høyde ikkje. Tanskje dei kunne prøva å finna seg plass litt lenger framme. Det har eg målt gjira, og der høyrer me godt.

I dag starta samkoma med „Ungkarosvansen“. Så ønskte Anny oss velkomne med eit fint lite dikt av Inger Hagerup. Dikket hitte „Så godt å våkne, og så song me Trøysen sin „Husmannspolka“. Det var liksom ein annan sjanger på songane i dag enn me har vore vane med.

Så hadde me besøk av Røde Kors, personifisert av Einar Målsnes og Antonella Vidal. Temaet var førstehjelp. Dei feste av oss hadde kanskje både litt og flire førstehjelpkurs bak oss, men det er aldri dunt å repetera. I Helse Førde, 2022, var det 58 personar som trengde førstehjelp - 16 av desse fekk det ikke. Antonella nemnde 4 punkt som me særlig måtte hugsa på desmon me skulle koma opp i

ein situasjon

1. Observer - tenk på deg sjølv og eigen tryggleik.
2. Spør - svt for frie luftvegar, legg ^{munnren} noko til.
- 3.legg vedkommende i stabilt sittelue. Pass på at han ikkje frys, visst han pustar ring etter hjelpe.
4. Når han ikkje pustar, start opplywing 30-2 Barn har sjeldan hjartestans, men ofte noko i halsen, la barna koste. Slå dei på ryggen - oppover. Eller 5 brystkomsjonar og 5 innblåsingar. Ein del hjartestartarar er plassert rundt om i gammelkommunen. Last ned 113 som viser koordinatane til desse.

No hengde alle litt førstehjelp, for no var me kaffisjuke, så etter å ha sunge „Peten i Dalen“ og borduret, byttet me plassar. Nydelig mat og kaffi, som vanleg.

Denne dagen var det 2 personar som det skulle gjeraast litt ekstra stas på under bordseta. Olga og Anny har begge gjort stor innsats for pensionistlaget, og me ville gjerne visa at me set stor pris på dei, og på arbeidet dei har lagt ned.

Den first song med „Peten i Dalen“ Den den pikken var Anny eller Olga er litt uklart. Den passar på begge to. Ya var det gavoverrekking. Et nydelig bilde, laga av Bjørg Bjøberg, til Anny og ein gavesjekk fra gardnerit, til Olga.

Så fekk me utdelt kvar sitt ark, og ei korgruppe med flire songarar stelte seg opp. Eg trur dei kalla seg „Edel årgang“. Anny hadde nemlig skrive ein hylling til Olga i form av ein song. Songen skal få plass i møteboka. No lurer eg borte på kva for flire skjulte talent Anny har.

Så drakk me kaffi og kosa oss. Referatet fra sist møtet var lese, og utloddringa gjekk for seg i simelege former. Som vanlig litt opplysningar frå me gjekk heim. Anny minna om kuren til Ålesund som Leikanger pensionistlag organiserer. Sjukehusbussen skal køyre til sjukehusinngangen. Blindeportbundet arrangerer synskafe på Reiseliusmuseet 19. mars.

Dessutan orienterte Anny litt om møtet i Eldrerådet der brukarutvalet var oppre som sak.

Siste songen i dag var „Der fjörkarna suser!“ Takk for eit koselig møte.

Hyllest til Olga

Kven kunne vel tru at du 80 år er
På farten du er, ja på møter det ber
Då styrene kallar og trongen er stor
Og ho Olga er helten på jord.
Din ven er naturen
Ditt liv er kultur
Din tanke for andre, eit smil ligg på lur
Det lyfter, gir håp under himmelen blå
Til livet for gamle og små.



Du spelar revy - du synge i kor
Ei stemne eit kurs er fint for a mor
Der vene du får ja praten den går
Og minnast den ungdommens vår.
Din ven er naturen og sola kjem opp
So godt for protesen - humøret på topp
Ja Raudmelen kallar og tanken er song
Eit minne om dansen ein gong



Du bakar no ofte ja kjevle det går
Til glede for mange her kunnskap vi får.
Som no er blitt poppis å lage det sjøl'
Men alt kjem no ei` på ei fjøl..
Din liv er å hjelpe med kake og bakst
Mens mannen din snekra og livet er raskt
Og alle dei epla de plukka i lag
Var alle so sjeldne eit slag.



Vi hyllar deg Olga, i ring kring deg står
Vi gleder oss med deg, det vel du forstår
Du er som ei selje ved brusande foss
Og du er no helten for oss
Ditt liv er ein tone, ein skjønn melodi
Ein nett anemone, eit fint broderi
Så feiande flott gjennom livet du går
I sola med sølvgyllent hår.



Din ven er naturen
Ditt liv er kultur
Din tanke for andre, eit smil ligg på lur
Det lyfter, gir håp under himmelen blå
Til livet for gamle og små.

Balestrand pensjonistlag 6. mars 2024

ME BLAR I ALBUMET



Ein god prat på pensjonistmøta er alltid «god medisin».

?, Olav L Sjøthun, Ranveig Linde, Andreas Linde, Torleiv Farnes, ?, ?, ?.

Bileteigar: Balestrand Pensjonistlaget

Anders K Thue.

Anders K i velkjend positur, både som forsangar og ei kjelde av gode historiar. Foto Anny Urtegård

KAPITTEL

5

Festar og andre samkomer



"Fargerik og lukkeleg"

Kvitkløver *Trifolium repens*

Nokon seier han er fargelaus og grå;
Å du, kor feil ein kan ta!

Pensjonistane var ikkje kvidne når det var snakk om å arrangera festar og andre tilstellingar. Det ville føra for langt å nemna alt, men vi har funne ein høveleg «bukett».

1974–2011

Kvart år i den fyrste perioden skipa laget til julefestar. Festane vart haldne på Askelund eller Røde Kors-huset. Det vart halde messer og basarar, nokre på Bedehuset og nokre andre stader. Dette var populært, og gav inntekter. På ein basar i 1974 kom det inn nesten 6000 kr, noko som var mykje pengar den gongen.

I 1978 hadde Sogn og Fjordane pensjonistlag årsmøtet sitt i Balestrand. «Denne tilskipinga hadde laget, og då særleg formannen, all ære av» (sitat frå møteboka).

16. april 1981 var lokallaga i Vik, Fjærland og Balestrand samla på Kviknes Hotel for å feira 30-års jubileum for Norsk Pensjonistforbund, 138 møtte. Talar var Gudleik Førde. Samstundes fekk Balestrand pensjonistlag visa fram det nye eldresenteret sitt.

Tysdag 6. juli 1982 var det fest på Kviknes Hotell, tilskipa av Kulturstyret. 100 pensjonistar frå Fjær-

land og Balestrand møtte. I tevlinga «Minneoppgåver for eldre» hadde sju pensjonistar frå kommunen delteke. Alvhid Tveit delte ut diplomar frå Fylkeskulturstyret. Pensjonistlaga ved Gyrid Tjugum takka kulturstyret med blomar, og Anna Holen bar fram takk og blomar til Mulla og Per Kvikne sin gjestmildskap ved å spandera middag på den store lyden, og for å stilla hotellet til rådvelde.

2012–2024

Eldredagen

I starten var eldredagen skipa til av kommunen og eldrerådet. Dei seinare åra er det pensjonistlaget som har vore arrangør, sponsa av folkeakademiet. I tillegg har vi kvart år fått midlar frå «Den kulturelle spaserstokken», ved kommunen.

2013: Eldredagen vart feira i Grendahuset i Vete-fjorden.

2014: Fylkesårsmøtet i Balestrand. 15. mai: Delte ut den kulturelle spaserstokken. 3. desember feira pensjonistlaget 40-års jubileum i Bygdahuset. Jorun Ringstad var talar.



«Tårn på Kviknes». Alle dei store møta blei haldne på Kviknes hotel.

Sommartreff på Kviknes Hotel

Det var Pensjonistforbundet i fylket som vende seg til laget vårt om hjelp med tilskiping av sommartreffet 2012. Dei hadde då bestemt seg for at sommartreffet dette året skulle leggjast til den 19. juni Kviknes Hotel. Det vart planlagt ei samling med 450 gjester.

Vår oppgåve i førebuinga vart i stor grad å finne fram til gode underhaldningskrefter. På sjølve treffet var det naturleg nok dei praktiske oppgåvene med parkeringshjelp ved hotellet, registrering av frammøtte gjester og inneteneste med folk som ynskte dei tilreisande velkomne, samstundes som dei gav hjelp til å finne fram i huset. I matsalen vart det dekka til ein enkel middag med kjøtkaker etter kvart som gjestene kom.

Underhaldninga vart lagt til Kviknesalen der det vart plassert eit lite podium og sett inn 450, men då var det òg fullt.

2015: På Kviknes hotell 7. juni markerte pensjonistlaget fredsjubileet saman med sogelaget og Balestrand kommune.

2016: Sommartreff i 2016 var i Balestrand. 350 personar deltok. Olav Stedje underheldt.

2017: Dette året var det m.a. basar på Røde Kors-huset.

2018: Eldredag på Kviknes. Ordførar Offerdal helsa forsamlinga frå kommunen. Eva Marie Halvorsen kåserte om «Best før, men ikke dårlig etter», til stor glede og latter.

2019: 29.09. Eldredag, som vanleg på Kviknes. Sæther og Sagerøy underheldt med harpeleik og nyckelharpe. Helga Hjetland held tale. Leidulf Finden overrekte ein sjekk på 35 000 kr frå Sogn Sparebank.



*På Eldredagen i 2019. Sæther og Sagerøy.
Foto: Anny Urtegård*

Vik pensjonistlag kom på gjenisitt 03.10. på Dragsvik Hotell. Johs. B Thue snakka om dei fyrste dagane av krigen i vårt område.

2020: Eldredagen på Kviknes. Ordførar Menes helsa frå kommunen og fortalte om korleis dei riggar den nye kommunen. Ove Eide heldt eit kåseri «Land og lynne i Sogn og Fjordane». Sitat frå årsmeldinga: «Eit interessant og artig foredrag, så fekk vi vita noko vi kanskje ikkje visste - om oss sjølve».



Eldredagen 2022. Me sette stor pris på at ordførar Arnstein Menes tok seg tid til å vera med på denne Eldredagen og på fleire andre. Foto: Anny Urtegård

Eldredagen 01.10.21 med m.a. Jan Davidsen. Gjester frå Sogndal, Leikanger og Høyanger. Vi hadde fått 80.000 kr. frå Damm-stiftelsen til denne festen.

2022: 24. august fekk vi triveleg besøk frå Alvær pensjonistlag. Om kvelden hadde vi hyggeleg samver på Kviknes. Eldredagen vart feira i år og. Vi fekk 10 000 kr frå Sparebankstiftinga til den. Rasmus Mo kåserte, og «Gamlekara» spelte.



«Gamlekara» frå Vik har gleda oss mang ein gong med sin fengjande musikk. Foto: Anny Urtegård



Heile festlyden syng med når Indre Hafslo Spelemannslag tek oss med «På Billy Bryant's Cafe», dans og anna undrehaldning.
Foto: Anny Urtegård

2023: Jens Brekke og Ottar Vik underheldt på Eldredagen. Indre Hafslo Spelemannslag frå Luster spelte. Det vart servert svinekjake med tilbehør til middag.

8. september var det vår tur til å arrangera Nabomøtet. 170 feststemte pensjonistar frå Luster, Sogndal, Leikanger, Vik og Balestrand fylte ein festpynta Kviknesal, til tonar frå «Gamlekara». Fylkesleiar Nils R. Sandal helsa frå forbundet før kunstnar Bjørg Frøisok Bjøberg tok oss med på kunstvandring i naturperla Balestrand si historie. Etter ein triveleg og nydeleg hovedrett, Pig Wings, fekk vi konsert med «Gamlekara» før det blei kaffi m/kakebord. Der var det mykje godt ... og noko forsvann ned i tomme lommar. Før gjestene reiste heim, fekk dei høve til å dansa av seg nokre av kaloriane.



Medlemene i Balestrand Pensjonistlag er vide kjende for dei gode kakene ved alle store festar. Liv Turid Bolstad tek eit siste overblikk. Foto: Anny Urtegård

KAPITTEL

6

Plukk



"Sukkertoppen"

Raudkløver *Trifolium pratense*

Raudkløveren er nett som pensjonisten,
han kan gjøre nytte for seg overalt.
Blømer frå tidleg vår til sein haust.
Du finn han tilogmed i vintersnøen.

Ein kuriositet

I våre dagar med inntog av data teknologien ser årsmeldingar i laga våre heilt annleis ut. Handskrivne protokollar er snart ein saga blott. No legg ein det 'inn' på data. Så ligg det ein eller annan plass i internett skya.

Tekstbehandling og rettetast fanst ikkje. Då ville årsmeldingane ha vore meir strigla, utan overstrykningar og innsmett mellom linjene.

Vi har plukka nokre døme på dette:

Skriveføre Bernhard Rutledal sat årvaken på møta og fekk med seg det meste. Det måtte vere korrekt. Då var det betre å stryke over. Det er ein sann fryd å lese gjennom hans referat. Med sirleg handskrift!

prove for olderstyggl. I 1939 varungen arkæolog, tryg
3. Tredje periode - fra 1943 varer framleis.
Alle skal var at alle skulle ha bygge här. Behovs-
grunn var ikke tilgjengelege. Det nøyreende byggeloggystem
var best i verk og brant i 1967.
Kva kostar dette?
Budsjettil for heile landet er merre om 23 milliardar.

Godaste Rutledal var nøysam og kasta ikkje kulepennen før alt blekk og håp var ute. Det viser dette utdraget:

Det byggjesta for oss alle. Trygg framtidar i gode
hender. Langt, langt inn i vegen komlast aldri
tryggleikstygl på jord.
Bordseta. Det var servert kaffe og kaffi
kaka med alle samtid høgvar, og etterpå kaffi
og kaffekaka.
Kommisjonen: 1. almennde 1. til fram.
Stort stod idag også val og hild fram.
Åremelding var lett og godtlyst.
Ridenskapen varde inn med idag, muntmed f. o.
og synde. Gud overstalt. Karl Bøyum er avdøde.

Lördag etter Balestrand var eiige prestegjeld.
Eller bordseta som var blake og molsa, opprett alle
til salongane, der det var servert kaffi.
Nokre pensionistar held, krim til stor moro.
Lukkar ringen synle folkevisse - dansar.
Fra Thorbjørnsen song ned tau frå øv Bøyum.
Ei gruppe sang føldeusen til midsikt øv Bøyum.
Socialøg Åm kom med rosande ord om arbeidet
pensionistane driv. Derned var festen slått.
Lördag held møte fram, undatt av presesring
song av fam. Røtting. Tur til Helsekunst.
Kelles var det val, og andre vaker var handskma.

Ein annan detalj frå tekstbehandling i gamle dagar har vi kalla «Mellom linjene». Fru Thorbjørnsen song mellom linjene. Vi ser også at etter å ha fortært «steik og molsa», gjekk nokre rett i trimmen «til stor moro».

Pensjonistlaget tok opp mange saker, med både små og store problem Her har me samla ein liten «bukett».

- I eit referat frå 1975 kunne vi lesa at årskontingenten var kr 10.
- Laget sin bandopptakar på ca. 4000 kroner kom i bruk i 1979, og vart flittig brukt både til intervju og foredrag. Den som berre visste kvar den vart av!
- Frå 1980-årsmeldinga:

Sparebankane tenkjer på pensjonistane. Sogn Sparebankring fekk TV-kjendisane Ivar Ruste og Arnt Haugen til å underhalda på pensjonisttreff i 5 bygder i Sogn. 7. mai baud Balestrand Sparebank pensjonistane til hyggestund og fest på Kviknes Hotel. Stor deltaking og god stemning. Ruste hadde ei kjelde av viser å ausa av. Haugen trakterte dragspelet.
- Framleis frå 1980:

Eit skriv vart sendt til NRK med børn om at programposten «Husker du» måtte halda fram. Det kom svarbrev frå Odd Grythe: Han var takksam for at denne programposten hadde vore vel omtykt. Han ville gje opp denne no, men kanskje koma att med eit liknande program seinare.
- 1981: «*Søster Ragnhild syns det var mykje strid og usemje i dag. Folk klagar og er lite nøgde. Lovsangstonen vantar. Men det er mykje å gleda seg over.*
- I årsmeldinga frå 1981 kunne me lesa: «Ingen ting klaffa. Presten kunne ikkje koma, høgtalarane virka ikkje og pianoet var heilt ubrukeleg». Ein heilsvart dag med andre ord.
- I 1983 var det 34 heimehjelparar i Balestrand kommune. Prisen var 10 kr pr. time. Pensjonistane tykte det var ei dyr ordning.
- Ambulerande vaktmeister og avlastning til uføre var oppe til diskusjon i pensjonstlaget. Føremålet med ordninga var at ein kunne bu lengst muleg heime. Baksida var då meir einsemd, vene er borte og ein lever på minne. Mange kan kjenna seg til sidesette og gløymde.
- I 1985 starta laget arbeidet med å få i stand eldreråd i kommunen.
- Vik Pensjonistlag kravde vedtekter på nynorsk. Dette var laga, men på grunn av liten etterspurnad hadde restopplaget vorte brent. Denne saka blei sendt vidare til Noregs Mållag.
- Det var aldersgrense på 67 år for å kunne bli valt til sokneråda. Dette var diskriminering og blei etter kvart fjerna.

Det ser ut som det ikkje alltid var like enkelt å koma frå Vetlefjorden til Balestrand for å nå pensjonistmøta. Me tek med nokre døme:
«Sponsing» av reisa: I eit møtereferat står det: «Medlemer frå Vetlefjorden betalar vanleg bussbillett. Kostar det meir, vert det dekka av kassa».



Bergljot Hjartholm, Alfhild Hjartholm, Nora Hjartholm.

Det viser seg å vera vanskelig
å få Balustrads-pensjonistar ut
av godstolare.

Han las ii mange med skriv,
meot om tilbod på turar til
fjern og nært. Ein drofta ein
del om dette.

Om "ord og uttrykk" kom
ein inn på ordet kalvedans.

Ågot Arskog fekk spørnad ~~om~~ i
skriva oppskrift på ekk Kalvedans
frå Balustrand, anno 1930. Det
skulle sendast til NRK i Tønde.

Program for neste møte den
16.04. var bl.a. utkonding, Lars
Bolstad og mat - berasuppe!

Kva skjedde med denne oppskrifta? Kom ho til NRK, eller er det nokon som «sit på ho»?

TO HISTORIAR FORTALT AV MEDLEMER

Flaumen:

Denne historia fortel litt om kor viktig pensjonistlaget var for medlemmene i 1970-80 åra, og ikkje minst om kor viktig det var å vera med på pensjonistmøta.

Bjørg Nesse fortel at ein gong vart ho verkeleg sint på far sin. Det var eit forferdeleg regnver, og det skulle vera pensjonistmøte. Bjørg meinte faren burde vera heime - men nei då - det skulle han slett ikkje. Stemninga vart ein smule amper, men det bar av stad med han. Veret vart verre og verre utetter dagen, og sidan gardsvegen deira er lang og ligg mellom to elvar, er det ikkje uvanleg med flaum over vegen. Slik vart det denne dagen og. Torvald kom seg ikkje heim att. Han gjekk av bussen i vegkrysset, men så kom han ikkje stort lenger. Men heim skulle og måtte han. Bjørg fekk beskjed om å dra på seg høge gummistøvlar, og koma heim i «krysset» med sjøstøvlane hans. Det gjorde ho, men heilt blid var ho ikkje, det lyt seiast.

Tung last:

Her er og ein historie som vakte ein del munterheit: Det kunne vera så ymse med skyssen frå Fjordane til Balestrand, men som regel fann pensjonistane ein utveg. Denne gongen skulle dei sitja på med Einar Ese. Han var lærar på Fjordtun eit år, og hadde ein liten bil - prega av alder. Inn i denne bilen trykte det seg 5 pensjonistar, og ikkje alle var lettvekturar. Dei kom seg til Holmen, men då brotna bilen saman, og kom aldri på vegen att. (Me har fått lov av Einar å fortelja denne historia, endå han ikkje hugsa det att).

KAPITTEL

7

Turar



“Kven finn Lykkekløveren?”

I heile denne blomeenga finst berre ein einaste firkløver.
Ein må leite skal ein finne lukka.

EIN REISEGLAD FLOKK

Medlemene i Balestrand Pensjonistlag likte å reisa på turar. Det kunne vera dagsturar, men og lenger turar med to eller tre overnattingar. I møtereferata frå dei 10 fyrste åra er det gjort nøyre greie for kvar einaste tur. Laget brukte å leiga ein buss.

Seinare har det vore turar kvart år om sommaren, men no er det litt vanskelegare å få folk til å vera med. Dei fleste har reist mykje og sett mykje av landet medan dei var yngre, og er ikkje så «gira» på turar lenger.



Ut på tur - aldri sur: Nokre av dei første medlemene i Balestrand Pensjonistlag. Frå venstre: ?, Kristen Langeteig, Edel Martens, Signy Skaasheim, Ivar Raubotn, Anders Eiken, Ola Farnes, Gunnvor Myhre, Søster Ragnhild Thue, ?, Odd Martens, ?, Elsa Målsnes, Anna Mehl, Ida Målsnes, ?, Anna Holen, Brita Åse, Laura Raubotn, Ola A Målsnes, Bernhard Rutledal
Bileteigar: Anna Holen

TURAR 1974-2000

- 1974 Erdal-Aurland-Gol, heim over Hemsedal
- 1975 Brekkestranda
- 1976 Florø-Svanøy, seinare Sogndalsdalen og flyplassen
- 1977 Selje. Fresvik-Arnafjord.
- 1978 Rosendal. Seinare Førde og Fjærland
- 1979 Busstur til Bergen
- 1980 Eidskog og Värmland
- 1981 Jostedal
- 1982 Bremanger, Vingen. Seinare Sogndal og museet
- 1983 Gudbrandsdalen. Seinare Svea Gard
- 1984 Surnadal, Trondheim
- 1989: 4 dagars tur til Telemark.
- 1990: Valdres Høgfjellshotell Etnedal
- 1991: Tur til ytre Sunnfjord.
- 1992: Tur til Massnes
- 1996: Tur til Byrkjelo og Sandane, og Myklebustdalen.
- 1996: Tur til Veitastrondi og Nyestølen Her fekk dei god gammaldags stølsmat. Alf Lee tok fram trompeten sin og spelte til avskil.
I avisreferatet som Signy Skaasheim skreiv etter turen, sende ho ei helsing til «damene på stølen» der ho takka for den flotte opplevinga pensjonistane hadde fått.

Hjå kjensfolk

Vel framme i Hallingen Hotell på Golsfjellet, kom Liv Martens Handegård og ynskte oss velkomne. Dei vona me ville lika oss på hotellet og på fjellet elles. Me var komne til kjensfolk. Liv voks opp i Balestrand, dotter til dr. Martens som i meir enn ein mannsalder var dokter her. Ho og mannen dreiv ungdomsherberge i Balestrand før dei drog austover og til slutt bygde dette flotte og moderne hotellet. Så her kjende me oss heime. Straks vart me sette til rikeleg lunsjbord.

Dette var siste kvelden på Hallingen Hotell. Så denne kvelden var det retteleg pensjonist-treff. Vertinna Liv Martens hadde mykje å fortelja om arbeid dei hadde sysla med sidan dei var i Balestrand. Til å byrja med hadde dei butt i eit hus nær ved. Men fekk så hand om eit større areal, og til med planlegging med tanke på nytt hotell. Og så vart det bygging. Resultatet var dei velnøgde

Som glimande perle ligg Balestrand og ser mot dei storlagde fjellom med stupbratte botnar ved innarste rand, og hagar og hus langs med hjellom.

På Balholm summar alle slags mål og ser på kvarandre og tømer si skål. Og alle dei hippipp og hurra vil lenge i Vetlefjord durra.

Bernhard Rutledal

Hos Liv på Gol. Pensjonistlaget sin tur i 1987 gjekk over Hemsedalsfjellet til Gol. Vi overnatta hos Liv Martens på Hallingen hotell på Golsfjellet. Turen gjekk vidare over til Aurdal i Valdres og tilbake til Sogn over Filefjellet. Me har saksa nokre faksimiler frå ei av lokalavisene av referatet til Berhard Rutledal.

Balestrand Pensjonistlag på tur til Fjærland

Ein haustdag i 1978 var 54 medlemmer i Balestrand Pensjonistlag og tidlegare formann i fylkeslaget, Gudleik Førde, samla på kaien i Balestrand. Dei skulle ta ferja til Fjærland. Skrivaren i laget skreiv i møteboka at veret var godt og lageleg. Det var tydeleg at pensjonistane frå Balestrand ville ha mest mogleg ut av turen, når dei først var her.

På kaien stod to bussar frå Fjærland Billag og venta på dei, og så gjekk turen til Supphellebreen. Etter eit kort opphold der fortsette turen, no med kurs for Bøyabreen. På haldeplassen der møtte dei Odd Orheim, som fortalte dei om breane i bygda.

Så gjekk turen vidare til Fjærland pensjonat (no Fjordstova), og der var det mat å få. Mange pensjonistar frå Fjærland var og møtte fram. Føremålet med turen var nemleg å hjelpe til med å skipa pensjonistlag i Fjærland. Av den grunn var det også at Gudleik Førde var med. Etter matøkta starta møtet. Anna Holen ynskte velkommen, og møtet vart sett.

Om denne dagen i Fjærland har Signy Skaasheim skrive eit godt referat i avis Sogn og Fjordane, og me siterer:

Meininga var å skipa pensjonistlag der inne, og det ordna Anna Holen og Gudleik Førde på ein genial enkel måte. Og laget vart skipa, styret vart valt, med varamenn og alt i hop. Punktum finale. Vonar at dei får like mykje glede av sin kvinneformann som me har av vår.

To artige minne frå dei fyrste turane:

På Gol foreslo sjåfören å ta ein god pause. «For der er det pol» («På Gol er der pol» vart nesten eit slagord). Og pensjonistane fann polet.

Ein annan gong var pensjonistane samla i bussen og skulle heim. Motoren var alt starta då sjåfören spurde: «Har de fått med dykk alt frå rommet?» Fyrst reagerte ingen. Men så spratt ein kar opp, for ut av bussen, og inn att på hotellet. Han kom att med kjerringi si, til stor jubel i bussen!

Referenten og diktaren Signy Skaasheim.

Mange av referata frå pensjonistlaget sine turar var så velskrivne at det var ein fryd å lesa dei. Her presenterer me eit slikt referat, skrive av Signy Skaasheim. Men først skal de få lesa Stølsvisa hennar, som me tykkjer passar godt som innleiing til turen.



Stølsvise av Signy og Hilda U. Skaasheim. Teikn. M.G. Farnes.

1. *Til tradisjonane i vår ætt, høyrer fjellet.
Her har dei traska og vore svett, kring i fjellet.
Her har dei gått etter geit og kyr
og sau og kalvar og andre dyr, her i fjellet,*

2. *Og i det vakraste sumarver, oppi heia,
det var vel trivleg å vera der, for budeia.
For det var lokking og det var sang,
og det var rauting og bjølleklang, dudlideia.*

3. *Når laurdags-stølshelgi stundar til, opp på stølen,
budeia veit at det koma vil, folk til stølen.
Ho ventar hujing frå haug og knatt,
Og leik og moro ei sumarnatt, her på stølen.*

4. *Ho ystar, kinnar og kokar brim, her på stølen,
og mylsa vert både brun og fin, her på stølen.
Sandskurte trebidne kvite står,
og koparkjelen ein omgang får, her på stølen.*

5. *Men strevsamt vart det nok mang ein gang, opp i fjellet.
Og arbeidsdagen vart heller lang, her i fjellet.
Når etter dyri dei langt laut gå,
og tunge kaggar dei dragsa på, over fjellet.*

6. *Or sengi måtte dei tidleg fram, opp på stølen.
Å liggja lenge, det var ei skam, her på stølen.
Ja, kanskje ofte før soli rann
der høyrdest ramling av mjølkespann, i frå støylen.*

7. *Det var'kje alltid at soli skein, oppi heia.
men ofte gråver i mot deg skein, oppi heia.
Det hende skodda låg tung og grå,
so knapt for augo ein kunde sjå, i frå heia.*

8. *Om rennedrevet stod midt imot, fram i skaret,
Ein våt i kledi og tung på fot måtte fare.
Om vatn rann etter ryggen ned,
med sukk i skorne og trøytte kne, laut ein klare.*

9. *Men best det var skein det atter opp, etter bya,
og solie glitra på tind og topp, fram frå skya.
Då heile tilveret vart med eitt
so heilt forandra, so ljost og lett, heilt fornya.*

*10. Det er ingen stader at soli skin, som på fjellet,
og auren spretter so blank og fin, som på fjellet.
Og aldri høyrer du nokon stad
at bekken klukkar so frisk og glad, som på fjellet.*

*11. Men det er'kje slik som det eingong var, her på fjellet.
Det store omskifte kome har, her på fjellet.
Der vatni glitra som i ein draum,
dei lyser no som elektrisk straum, ifrå fjellet.*

*12. Det er'kje lenger so tungt å gå, opp på fjellet.
Og ikkje lenger ein bera må, alt frå fjellet.
Men hert som lufti var klår og fin,
det osar no utav dyr bensin, her på fjellet.*

Turen til Eidskog og Värmland

«Den planlagde turen til Eidskog og Värmland byrja 3. juni med 39 pensjonistar. Ein heilt ut gild tur. Fru Skaasheim har skrive godt og utførleg om den i Kyrkjelydsbladet. Få det fram og les, godt-folk!» Ja, slik skreiv Bernhard Rutledal i møteboka. Og her kan me lesa kva Signy Skaasheim skreiv (Kyrkjelydsbladet nr. 4, juli 1980):

BALESTRAND PENSJONISTLAG

Ja, her kjem me igjen, livs levande, med referat frå tur.

Denne gongen vart kurset sett mot aust, til Eidskog og Värmland. Vårt kjære prestepar som flytte til Matrand siste haust, inviterte oss til vitjing i heimen og dagsturar i grenseområdet, og det vart ei rik og strålende oppleving. Anna Holen og Sognefjord Reisebyrå la opp reiseruta, og me fekk vår kjende og kjære sjåfør Oddvar Alme til å køyre bussen. Alle var opplagde og nyfikne på turen som gjekk over Filefjell, Valdres, med lunsj-stogg på Fagernes, vidare til Gjøvik, ferje over Mjøsa og til Olrud, eit første-klasses hotell nord for Hamar. Reiseveret var strålende. Våren kom seinare her aust enn i Sogn. So alt stod i full bløming, og synte seg i sin finaste stasbunad. Me lika oss framifrå på Olrud, tok derifrå til Eidsvoll, og fekk soleis eit godt inntrykk av den største innsjøen vår og dei vakre bygdene med storgardar, svære våningar og uthus, storfe og åkerland - og skog. «På Eidsvoll stander en Sagahall, som gjemmer hellige minner». Desse vilde me nya opp att, og statuane av Henrik Wergeland og Carsten Anker gav oss den fyrste innlevinga av hendingane dser. «Fedrelendet har alt at kreve av mig, og jeg er det alt skyldig», sa Anker. Den gongen ofra dei verkeleg noko for fridomen vår. Om dei styrande i landet - og me alle - kom det litt meir i hug i dag, i vår kraftstore tid?

Etter omvisingi tok me austover, gjennom grøderike bygder, over elvar, gjennom skogar, langs vatn og ei tømmerfylt Glåma - før me hamna på det koselege Vinger hotell i Kongsvinger. Der fekk me god middag og velgerande middagskveld. Om ettermiddagen gjekk ferdi vidare - til Eidskog, det flagget var heist på den vakre prestegarden. Den låg uvanleg fint til opp i hallet mot den skogkledde åsen bakom. Og me vart so inderleg hjartevarmt og godt mottekne av Ragnhild og Egil ute på tunet. Veret var so fint, og det var moro å rusla rundt på garden og sjå seg om. Bølingen kom nett frå kulturbente. 22 fine mjølkekryr og ein del ungdyr. Fjøsen var modernisert, og alt stellet gjekk fort og greitt, mjølka direkte på tank med ein gong.

Gildt å helsa på dei unge, friske paktarfolki, som heldt garden i so fin stand. Dei treivst so godt med arbeidet sitt, og det synte på dei.

Inne i prestebustaden var det romsleg i alle stovene, og so gjennomført vakkert, at me måtte rundt og sjå oss om alle stader. I peisestova prydde gåvene frå Balestrand veggene, og koseleg å høyra at sjølefolket heldt seg mest der. Me sessa oss rundt ikring, og fekk herleg heimelaga kveldsmat. Presten hadde steikt vaflene, og Ragnhild rundstykkene, kringle m.m. Me song, samtala og hygga oss torleg.

So fekk me omvising i Eidskog kyrkje, ei krosskyrkje frå 1665. Altartavla i ljost utskore tre - med krusifiks, halvtømmer i korgolvet, to orgel, fire galleri, og fem store ljosekruner. Bøyum spela orgel, og me song: «Du som veien er og livet» før den gode samtaleandakten presten heldt, og «No soli bakom blåe fjell» etterpå. Ragnhild song frå det store orgelgalleriet «Se solens skjonne lys og prakt» med tonefylge av Bøyum. Ei intim, fin og minnerik stund.

Attende i pretegarde slo me oss ned på terasse, hage-troppi og plenen, med solarglad over skogåsane i vest, og springvatnet plaska bortom den store blømande apalen. Me hadde det so velsigna godt og hyggjeleg at me reint gløymde klokka. I 1989

Dagen etter gjekk so turen til «Värmland - du sköna» med presteparet som cicerone. Ja, dei hadde vel lagt opp ei flott ruta for oss! På Magnor vitja me Margarinkongen Løken, som og dreiv glasverket. Der var me inne og såg alt det fine dei laga, og kjøpte små, koseleg eting i fleng, og so bar det over grensa til Morokulien, og austover til Gräsmark, der me fyrst såg den staselege steinkyrkja, og etterpå innom «Hemslöyden» med mange flotte, særmerkte ting i metall. Hamna so på «Ritsman» på nordsida av det idylliske vatnet, og eg kan helse og seia at den elskverdige vertinna fekk avsetnadnved det herlege

smørgåsbordet. I parken ned mot vatnet kosa me oss ei heil stund under dei store trei med fuglane song - og sjåføren og presten sprang rundt og fotograferte og oppvarta.

Me tok sørover til Frykensjøane, og der var vakkert. Fekk omvising på Selma Lagerlöfs Mårbacka, repeterte litt frå «Gösta Berlings saga», og på hi sida av sjøen låg Ekeby i den vidjetne parken, der hovudsetet åt majorskan og kavallerane var. Siste eigarane av Ekeby, Rottneros, hadde berre ein son. Han melde seg frivillig - som soldat i siste verdskrigen - mot Tysklad, og fall. Foreldri gav då heile eigedom til distriktet, som no hadde tilsyn med den herlege parken. Der var ca. 200 vakre skulpturar, fleire springvatn, fine idyllar med plantingar og vatn - i det litt kuperte terreng. Ein rosepark rundt Selma Lagerlöfstatuen nede ved sjøen. Me kunde gått der i dagevis.

Tok ein annan veg attende til Kongsvinger, og Thorbjørnsen sine var med oss heile kvelden. Skulde helsa hjarteleg til kvar i sær i Balestrand.

Turen gjekk so om Oslo, der alle fekk oppleva omvising i Rådhuset, i lag mrd nokre kjende. Der var litt å sjå - og læra, for dei som hadde augo og øyro med seg.

Heimturen gjekk greitt, over Sollihøgda, Tyrifjorden, Krødsherad, Hallingdal og Hemsedal, der me hadde ein fin-fin stogg på fjellet. Veret var varmt, med toreslag; men Anna Holen hadde isbitar i eit spenn, til avkjøling. Ho tenkte på alt.

Men no var me komne på heimebane, og det vart takk og farvel og gode ynskje. Me song oss saman, og opplevde mykje verdifullt på denne fire dagars turen til Eidskog og Värmland.


Signy Skaasheim



*Samling utanfor kyrkja i Eidskog.
Bileteigar: Balestrand Pensjonistlag*



*I hagen i Eidskog. Olav Rutle, Ragna Rutle, Anna Holen, Ida Målsnes, Olav Glosvik, Ingrid Våge, Gerda Glosvik, Kristi Ulvestad, Ola A. Målsnes, Finn Hjartholm.
Bileteigar: Balestrand Pensjonistlag*



Dette er skrive på baksida av eitt av bilda som laget fekk jula 1980.
Bileteigar: Balestrand Pensjonistlag

TURAR 2000-2024



Liaa og Gurliaa i Hallingdal



Tur til Bremanger august 2006.

- 2010:** Tur til Ulvik og Hjeltnes, ein tur som fekk mykje ros i etterkant.
- 2012:** På tur saman med pensjonistlaga i Vik og Fresvik. Turen gjekk til Aurland, Geilo og Eidfjord.



Møte i Vetlefjorden 2007 med utflukt til «Utsikten». På huk framme: Borghild Torsnes, bussjåfør, Sigvor Rendedal, Olav L Sjøthun, Alf Aalhus. Bak frå venstre: Margit Gjeraker, Ingebjørg Målsnes, Annemor Hatlem, Kari Ese Ligtvor, ?, ?, Marta Kvamme, Dagny Menes, Sigrunn Ytrefjord, Atle Ytrefjord, Severina Aalhus, Inger Sjøthun, Ragna Langeteig, Olaug Torsnes. Bileteigar: Balestrand Pensionistlag

- 2013:** Tur til Dalsfjorden og Helle fabrikkar.
- 2014:** Tur til Dei Heibergske samlingar saman med Johs B. Thue
- 2015:** Tur til Bergen (26. august ca. 30 medl.) med hurtigbåten «Brage». «Det var ein veldig bråkete båt som sette oss minst 30 år tilbake i tid». (sitat referenten Aud Sande). Vitja Historisk museum og fekk sjå oldsaker frå vikingtida. Gjenstandane var funne i hagen til Asperheim i 1961, og var rekna som eit stort funn.
- 2016:** To dagars tur til Rosendal og Baroniet. Busstur til Fresvik, Feios og Vik.
- 2017:** 08.06 tur til sørsida av Sognefjorden. 03.08 tur til Stavanger, «Flor og Fjære».



Vidar Nesse og guide Johs B Thue ved middagsbordet på Eldalstunet. Foto: Anny Urtegård

- 2018:** 13.06. Tur til Eksingedalen og Modalen. Guide: Asbjørn Ekse.
- 2019:** 31.07. Tur til Molde, Håholmen og Kristiansund.
- 2020:** Tur saman med Johs. B. over Gaulafjellet, middag på Eldalstunet og vidare til Hestad kapell. Tur til Skjolden med Kjell Bolstad som guide.
- 2021:** Gjenvisitt til Vik 30 personar deltok / Tur til Fjærland / Gulen, Stordalen og Tusenårsstaden / Dagstur til Modalen, med god middag på Mo og vidare på besøk hos Asbjørn Ekse.
- 2022:** Sjå årsmelding for 2021 i kapittel 9.
- 2023:** Dagstur til Solund med 21 deltakarar. Frå Hardbakke reiste nokre til Utvær fyr, og nokre med postbåten til Bulandet. Veret var dårleg, men alle overlevde. September: 13 personar på tur med Hurtigruta tur-retur. Oktober. Tur til ViteMeir-senteret Flott tur til Fedje. Seinare på året tur til Sogn Folkemuseum

Fleire turar dei siste åra:

Nærrområde, både med båt og bil/buss: Sogn Folke-museum, Dale m. Jakob Sande, Ortnevik/Massnes, Voss/Mølstertunet, Loen Skylift, Veitastrondi.

Lengre turar: Baroniet i Rosendal, Molde/Atlanter-havsvegen/Håholmen, Berlin: konsert med Andrea Bocelli/Tur med Hurtigruta.

GLIMT FRÅ TURAR



Ved bjørnen. Anna Holen hand-i-hand med bjørnen og Ola A Målsnes.
Bileteigar: Balestrand Pensjonistlag



Seks ved «Sygnafylke» ved Haraldshaugen. Dei seks er Hans P Thue, Liv Turid Bolstad, Bjørg Nesse, Berit Flatheim, Kjell Bolstad og Gerd Jordanger. Foto: Anny Urtegård



På Tusenårstaden Gulatinget.
Vidar Aam i kongestolen



På Fresvikåsen 2016. Liv Berit og Gunnar Høgberg viste oss rundt på garden med sjølvbygde laftahus.
Frå venstre: Aud Sande, Liv Turid Bolstad, ?, Anders K. Thue, ?, Hans P. Thue, Berit Flatheim, Olga Jorddal, Liv Tveit, Solveig Ugulen, ?, Atle Instebø, Jens K. Ese, Sissel Grøneng, Anne Marie Ese, Martha Kvamme, Ingeborg Skjolden, Anders Alværn, Tordis Stokkebø, Oddlaug Alværn, Arnfinn Instebø, Margit Buene, Edith Bale, Johannes Jordanger, Randi Ese, ?, ?, Trygve Jorddal, Gunnar Stokkebø, Liv Berit Høgberg, Gunnar Høgberg. Framme; Gerd Jordanger og Sigvor Rendedal.
Foto: Anny Urtegård

GLIMT FRÅ TURAR



Loen skylift 2017. Anny Urtegård, Bjørg Nesse, Annbjørg Alrek, Vidar Nesse, Trygve Jorddal, Olga Jorddal, Anders K Thue, Berit Flatheim.



I stavkyrkja. Anders Brekke tok oss med inn i historien om stavkyrkja og arbeidet med den unike skulpturparken sin i Ortnevik. Foto: Anny Urtegård



Frå tunet ved heimen til musikaren Olav Sande, diktar og toneskald, folkeminnesamlar og skulemann frå Sande på HøyangerSørsida. Sigvor Rendeland og Kjell Bolstad. Foto: Anny Urtegård



Ved Eidskog kirke



På lang lang rekke. Hans Lunde (Smeden), Anders Eiken, Eivind Sande, Anna Mehl, xxx, Kristen Langeteig, Anna Thue, Brita Linde (f Seim), Torvald Eiken, Petra Linde (Lindane), Edel Martens, Andreas Livden (skomakar), Erling Bruhjell, Maria Haugen, dame i profil, halvt gøymt), Anna Holen, Olav Skrenes, Ivar Raubotn, Konrad Linde, Ola A Målsnes, Lars Ulvestad, Finn Hjartholm, Bernhard Rutledal, Elsa Målsnes, Jensine Hjartholm f. Målsnes, Lars Grinde, Bård Thue.
Bileteigar: Balestrand Pensionistlag

GLIMT FRÅ TURAR



Flor og Fjære på øya Sør-Hidle er ein idyll som gjev ein smak av paradis for sansane. Gerd Jordanger, Bjørg Nesse, Aud Sande, Edith Bale, Hans P Thue. Foto: Anny Urtegård



Tur til Fjærland 2020. Aud Sande, Gerd Jordanger, Berit Flatheim og Bjørg Nesse i «belivet passiar». Foto: Anny Urtegård

På Moldeturen i 2018 tøffa me innom Håholmen og vidare til Kristiansund. Bjarne Kalstad, Olga Jorddal, Sigvor Rendedal, Bjørg Nesse, Berit Flatheim, Sissel Grepperud, Geir Willy Nesse sjåfør, Gerd Jordanger, Liv Turid Bolstad, Anders Alværn, Kjell Bolstad, Ragna Andersen, Jan F Andersen, Oddlaug Alværn. Foto: Anny Urtegård



1. rekke: Maria Meel, Anna Holen, Ola A. Målsnes, Brita Halse, Aagot Aarskog.
2. rekke: Borghild Thorsnes, Alma Grønlund, Ingeborg Frøysland, Torvald Eiken, Agnes Thue, Kari Nesse (Kleivi), Olav Benjamin Glosvik. **3. rekke:** Ingebjørg Fardal, Gerda Glosvik, Hulda Målsnes, ?, Ida Målsnes, Markus T. Ulvestad, Tordis Torsnes, Arne Tveit, Erling Hjartholm. **4. rekke:** Elsa Målsnes, Ranveig Asperheim, Ragna Rutle, Sigurd Nessestrand. Bileteigar: Balestrand Pensjonistlag



Haraldshaugen.

På vegnen heim frå frå Flor og Fjære møtte Steinar Skaasheim oss i Haugesund og viste oss rundt. Foto: Anny Urtegård



På besøk hos Asbjørn Ekse i Modalen i 2021. Einar Målsnes, Liv Turid Bolstad, Ruth Nesse, Ruth Marie Grøneng, Steinar Grøneng, Liv Sande, Kjell Bolstad, Aud Sande, Olga Jorddal.



N H LERUMS SAFTFABRIK.

Tordis Stokkebø og Hans P Thue kosar seg med kaffi og vaflar i hagen på Sørheim. Foto: Anny Urtegård

GLIMT FRÅ TURAR



Baroniet. I Rosehagen ved Baroniet. Det er aldri dårleg ver når utsyret er høveleg.

Frå venstre: Bjørg Nesse, Kjell Bolstad, Gerd Jordanger, Olga Jorddal, Bjarne Kalstad, Anders Alværn, ?, Trygve Jorddal, Oddlaug Alværn, Hans P Thue, Randi Ese, Annbjørg Alrek, Jan F Andersen, Martha Kvamme, Sjåføren, Til Turid Bolstad, Gunnar Stokkebø.

Foto: Anny Urtegård



Turfølge med den grøne bussen på turen til Eidskog 1980. Anna Ulvestad, ?, Helga Linde, ?, Ingrid Våge, Astrid Fjærstad, ?, Torvald Eiken, Markus Ulvestad, Kristi Ulvestad, Ida Eikelund, Jenny Eiken, Kristen Skaasheim, ?, Elisabeth Skaasheim, ?, Karl Bøyum, ?, ?, ?, Einar Fjærstad, Ola A Målsnes, Kristen Langeteig, Ivar Raubotn, Bernhard Rutledal, Ingebrigt Lundsvik, Hans Lunde. Bileteigar: Balestrand Pensjonistlag.



Finn Hjartholm, Ida Eikelund, Toralf Sværen, Rannveig Asperheim, Nora Hjartholm, ?, ?, Anna Holen, ?, ?, Hulda Målsnes, Aagot Aarskog, Alvild Feten, ?, Gunvor Langeteig, Turid Menes, Lovisa Limmesand, Borghild Eiken, Erling Hjartholm, Per Limmesand.

Bileteigar: Balestrand Pensjonistlag

GLIMT FRÅ TURAR



Tur til Leirvik. Nærrområda stod høgt på reiselista til laget. På kne framme: Olav L Sjøthun. 1. rekke: Olemann Grøneng, ?, Anders Alværn, Annemor Hatlem, Gunvor Feidje, Ingebjørg Målsnes, Oddlaug Alværn, ?, Arne Teigum, Gerd Jordanger, Bjarne Linde. 2. rekke: Severina Aalhus, Ingeborg Frøysland, Aagot Aarskog, Kari Ese Ligtvor, Elsa Nesse, Gunvor Haugen, Tordis Torsnes, Bergljot Thue. Bakerst: Johannes Jordanger, Alf Aalhus, Randi Ese, Gunvor Høyvik, ?, Alf Lee, Inger Sjøthun, Gunvor Langeteig, ?, ?, Martha Kvamme, Dagny Sværen.



Mellan bergvegg og buss. Ingvald Offedal, Anders Eiken, Elsa Målsnes, Jensina Hjartholm, Anna Thue (f Kvamme), Finn Hjartholm, Baard Thue, Anna Holen, Lars T Ulvestad, Hanna Thue, Gunvor Feidje, Skomakar Andreas Livden, Ola A Målsnes, Erling Bruhjell, Kristen Langeteig, Olav Skrenes, Maria Haugen, Lovisa Limmesand eller Torbjørg Jorddal, ?, Bergljot Hjartholm, ?, Brita Linde, ?, Laura Raubotn, Ola Midtnes, Hans Lunde (Smeden), Lars Grinde, Berhard Rutledal, Ivar Raubotn, Konrad Linde, Johannes Geithus (sjåfør). Bileteigar: Balestrand Pensjonistlag

KAPITTEL

8

Fem i forbifarten



“Vellystig Sankthansdans” Blåklokke *Campanula rotundifolia*

Pensjonisten er lett på foten
og trør dansen i lystig lag.

Kva meiner medlemene om Balestrand pensjonistlag? Me tok ein uformell spørjerunde for å finna svaret. Stor takk til dei fem frivillige som stilte opp til intervju.

GEIR OLAV BORLAUG



Kva har pensjonistlaget betydd for deg? Det betyddde blant anna spelejobb ein gong i månaden. Det er ein kjekk møteplass. Fine turar til stader ein vanlegvis ikkje reiser til. Mykje nyttig informasjon.

Kor lenge har du vore medlem? Frå 2021, då eg var 62 år

Er det spesielle opplevelingar du hugsar? Turar: Til Feidje, Ofredal, og å møta Asbjørn Ekse heime på Steinsland. Eit par av plassane hadde eg ikkje komme på og reist til. Gode og interessante foredrag. Mykje nyttig informasjon.

Kan du anbefala andre å bli med i laget? Ja, på det sterkeste.

Er det noko du har sakna? Nei. For meg er tilbodet passeleg.

ANDERS K. THUE



Kva har pensjonistlaget betydd for deg? Det har betydd mykje å koma saman med andre pensjonistar, ha det hyggeleg og møta nye vener. Mange gode fellesopplevelingar har bunde folk saman. Det er ein arena for nye impulsar av interessante foredrag og fine musikkinnslag.

I 2009 blei eg spurt av Inger Sjøthun, som då var leiar, om eg kunne starta opp Seniordans i pensjonistlaget sin regi. Svaret var ja. Etter at eg hadde vore på kurs, var me i gang med opp til 20 dansarar. Me hadde det svært moro, og øvde inn eit program som me var ute i bygda og synte fram, mellom anna på Helsenutnet. Det har vore nokre pausar, men Seniordansen er framleis i gang.

Eg har vore kasserar og revisor og hatt mange oppdrag med underhaldning, song, revy og dikt, noko eg har hatt stor glede av. Sjølv om det var travelt med så mange gjeremål, så var det alltid kjekt i pensjonistlaget.

Kor lenge har du vore medlem? Det har vorte 13 år, eg melde meg inn i 2011.

Er det spesielle opplevelingar du hugsar? Det første eg tenkjer på, er turen til Ulvik i lag med Vik og Fresvik. Turane til til Rosendal og Opera Nordfjord var og flotte turar.

Kan du anbefala andre å bli med i laget? Ja. Det er lett å svara på.

Er det noko du har sakna? Nei, det er gode program på alle medlemsmøta, noko som gjer det attraktivt og gjev godt frammøte.

OLGA JORDDAL



Kva har pensjonistlaget betydd for deg? Eg var ikkje så veldig aktiv i starten. Eg jobba til eg var 72 år, og dessutan var me yngre og sprekare då, så me reiste meir rundt på eiga hand. No er eg ofte med på møta, og eg tykkjer det er fint å ha tilbod om fellesturar.

Kor lenge har du vore medlem?
Eg vart medlem i 2011.

Er det spesielle opplevingar du hugsar? Eg hugsar godt 40 års-jubileet. Festen var i Bygda-huset, det var full oppdekning med middag, dessert, kaffi og kaker. Eg hugsar og med glede eit julemøte der Kjetil Netland fortalte om stavkyrkjer. Seniordansen har eg sett pris på. For oss som tidlegare var med i leikarringen, vart senior-dansen ei naturleg oppfølging.

Kan du anbefala andre å bli med i laget? Ja, det kan eg. Det er kjekke møte, og me treng å stå samla for å sikra rettane våre.

Er det noko du har sakna?
Eg kjem ikkje på noko spesielt.

SIGVOR RENDEDAL



Kva har pensjonistlaget betydd for deg? Det har betydd mykje. Eg likar å vera saman med folk. Det har vore hyggeleg å vera med på møta, og me har hatt mange kjekke turar.

Kor lenge har du vore medlem?
Sidan 2004, så det blir mange år etter kvart.

Er det spesielle opplevingar du hugsar? Eg hugsar godt eit møte med tema «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu», det var interessant.

Eg vart med i styret, og likte spesielt styremøta då Inger Sjøthun var formann, ho var flink til å leggja fram sakene. Og ho gjorde det så koseleg på møta, serverte gjerne noko heimelaga til kaffien. Det var og kjekt og lærerikt å ha styremøte i den perioden me var utan leiar. Då leia me møta etter tur, og eg tykkjer me hadde eit godt samarbeid.

Kan du anbefala andre å bli med i laget? Ja, det synest eg verkeleg dei bør.

Er det noko du har sakna? Ja, eg må nok seia at eg ikkje trivst så godt med å sitja i «trappa» på reiselivsmuseet. Eg tykkjer møta er kjekkare når me kan sitja rundt bordet, då ser me kvarandre og får betre kontakt.

KJELL BOLSTAD



Kva har pensjonistlaget betydd for deg? Det som har betydd mest, er det sosiale samveret.

Kor lenge har du vore medlem?
Eg vart medlem i 2013.

Er det spesielle opplevingar du hugsar? Det har vore mange fine turar, og elles mange tilbod om aktivitetar å vera med på.

Spesielt datakurset, dette var særleg bra for oss som var nokså ulærde.


Kan du anbefala andre å bli med i laget? Ja, absolutt!

Er det noko du har sakna? Nei, eg kan ikkje koma på noko som eg saknar. Alt har vore godt tilrettelagt på ein svært god måte.

KAPITTEL

9

Pensjonistlaget i dag



frydedefull tiltro til livet

Di fleire år ein får lagt til livet,
di større er gleda over å leva.



Eldredagen 2023. Mellom festlyden finn vi fire 90-åringar: Turid Farnes, Solveig Ugulen og Gunvor Hoff ved bordet i front. Elsa Nesse sit ved neste bord. Foto: Anny Urtegård

Me kan vel seja at Balestrand pensjonistlag er ein oppegåande 50-åring med omtanke for lokalsamfunnet. Mangt har endra seg i samfunnet, og det har det og i laget. Likevel er det som var viktig for dei eldre no, stort sett same sakene som tidlegare: tryggleik i kvardagen, gode møteplassar, transporttilbod og tilpassa bustader. Aldersvenlege og inkluderande lokalsamfunn, datahjelp og velferds-teknologi er døme på nye tema. Andre saker Pensjonistforbundet arbeider hardt for, er pensjon, den tapte forhandlingsretten og tannhelse for eldre.

MØTEAKTIVITET

I denne perioden har laget hatt 9 årlege medlemsmøte. Den siste tida har møta vore på Norsk Reiselivsmuseum, og der har vi fått nydelege smørbrød og kringle frå Midtnes Hotel v/Jon Gjeraker.

Det er som regel eit foredrag på kvart møte, gjerne ved einkvan frå bygda, men også innleide. Pensjonistforbundet har også ein stab med foredrags-haldarar som dei betalar for. Song og musikk er alltid på programmet. Holmaduren er som regel med om det høver for dei. Dessutan har vi lotteri på møta. Medlemane sjølv tek med ein liten ting til gevinst. Dette er alltid eit kjekt innslag.

FESTAR

Etter at vi kom med i Sogndal kommune, blei vi og inviterte til «Nabomøte» som Leikanger, Luster og Sogndal har hatt tidlegare. Dette er ei hyggeleg samling som rullerer mellom laga om hausten.

I byrjinga av oktober har alltid Eldredagen blitt markert med middag på Kviknes Hotel med trivelig underhaldning og dans. Vi har gjerne feira den saman med nabolag.

Om våren har me blitt inviterte over til laget i Vik, noko som alltid har vore kjekt. Dei har gjerne vore hos oss om hausten.



Sommartreff 2024. Karstein Fardal ynskjer velkommen
Foto: Anny Urtegård

Kvart år er det også «Summartreff» for laga i Sogn og Fjordane. Val av stad varierer stort sett mellom fogderia. På desse kan det vera 2-400 pensjonistar som samlast til hyggeleg lag, og for å møta gamle kjende.



Nabomøte 2023. Naboane er laga i Luster, Sogndal, Leikanger og Vik. Foto: Bjørg Frøisok Bjøberg



Middag på sommartreffet på Kvikknes 2020. Pigwings på menyen. Bjarne Kalstad, Johannes Jonstad, Wenche Fossen, Bjørg Nesse, Berit Flatheim, Aud Thue, Jenny Våge, Olga Jorddal, Fylkessekretær Britt Tjønneland, Karstein Fardal, Ordforar Stig Ove Ølmheim, musikklærar og Hans Dahl-skribent Frode Skag Storheim, Sigvor Rendedal. Foto: Anny Urtegård



Sommartreffet 2024. 230 deltagarar frå heile gamlefylket
Foto: Anny Urtegård

TURAR

Kvar sumar har det som regel vore ein dagstur og ein litt lengre tur med eit par overnattingar. I 2024 har det vore båttur med «Arnafjord» til Fjærland og busstur til Jordalen. I september er det planlagt ein tur til Telemarkskanalen. Meir om turar i kapittel 7.

ANDRE AKTIVITETAR

Middag. Sidan 2018 har laget saman med Diakoninemnda, Røde Kors og Helsetunet arrangert middagar for åleine heimebuande eldre, 2 gonger i mnd. Dette er eit sosialt treff med litt underhaldning og sang, tid ein god prat og ikkje minst ein nydeleg middag som er laga på kjøkkenet til Helsetunet. «Dette er god medisin» er det sagt frå ein av deltakarane.

Brukarutval ved Helsetunet har vore kjærkome. Det kom i stand ved eit godt samarbeid med leiar Heidrun Grinde. Etter 2 års drift blei kommunen med på laget, og det blei formalisert i kommunestyret juni 2019.

Eldreråd. Laget har dei siste åra hatt representantar i eldrerådet. Eit viktig organ for å vera dei eldre si «stemme».

Seniordansen hadde lege nede eit par år, og det syntest mange var trist. Den starta oppatt, og blei ein del av Seniordans Norge.

Sykkeltaxi til Helsetunet. «Alle har rett til vind i håret», og med det i tankane spleisa pensjonistlaget og Gåvekonto ved Helsetunet på sykkelen til kr. 70 000.

Teleslynge til møta våre blei dekka av Sogn Sparebank.

Grjotvin m/ Livd og Mastene m/ Kløyvd er to turmål som laget har kome med innspel om. SFE har gitt midlar til oppgradering med to flotte blomsterkassar.

Mimreløypa frå Balahaugen til Grjotvin kom i stand etter eit godt samarbeid mellom Sogndal kommune, Helsetunet, sogelaget og pensjonistlaget. Seinare har den blitt utvida med fleire skilt i sentrum, etter initiativ frå Reiselivsmuseet og Kunstbygda.

Samarbeidsgruppa er eit lokalt samarbeid om konsertar og foredrag mellom sogelaget, folkeakademiet, soknerådet, biblioteket og pensjonistlaget.

Universelt utforma turløype er eit samarbeid mellom pensjonistlaget, Røde Kors og kommunen.

65+, oppfriskingskurs for dei som kører bil.

2 doble sjakkbord i stein, som står på Balasletta og ved Holmatunet, er gitt frå Norsk Sjakkforum.

Datastove. Saman med pensjonistlaget i Sogndal og Leikanger fekk vi oppretta Datastove i dei tre kommunenesentra. Her får eldre hjelp med utfordringar i høve moderne teknologi.

Strikkekafeen er i full sving når sumaren takkar for seg. I det siste har vi bl.a. levert mange sett med luer, vottar og teppe til prematuravdelinga på sentralsjukehuset.

Konsertar ved Helsetunet. Laget har gjennom åra vore bevisst på å bidra til musikk- og songtilbod. Her får vi god hjelp frå den Kulturelle spaserstokken.

Frivilligsentralen. Laget har vore ein utsolmodig pådrivar, og vi er glade for at den no er på plass.

Blomehelsingar. Det er god tradisjon at medlemar som fyller 80 og 90 år, får helsing frå laget.

Årsmelding Balestrand pensjonistlag 2021



Styret 2021

Leiar:	Anny Urtegård
Nestleiar:	Asbjørn Ekse/Olga Jorddal
Kasserar:	Anders K. Thue
Styremdlem:	Liv Turid Bolstad
Sekretær:	Anders H. Balevik
Varamedlem:	Olga Jorddal og Jan Andersen
Data ansvarleg:	Anny Urtegård
Revisor:	Jarle Geithus
Valnemnd:	Kari Thordis Aarskog, Karin Mundal og Bjarne Våge

Utsending til Fylkesårsmøte: Anny Urtegård

Vara: Olga Jorddal

Utsending Balestrand Bygdahus: ingen valt

Utsending Balestrand Folkeakademi: Synnøve Balevik

Turnemnd: Asbjørn Ekse og Berit Flatheim

Aktivitet i laget

2021 blei ikkje slik vi såg føre oss. Årsmøtet fekk vi ikkje halde før 21. april. Det var strenge Corona-reglar over heile landet. Mot sumaren lysna det litt so vi fekk halde maimøtet.

Vi har hatt 5 medlemsmøter og 4 styremøter dette året, noko mindre enn tidlegare.

Tidleg på våren lyste helsedep., Damstiftinga og Statsforvaltaaren ut midlar som skulle bøte på dei mange ulike fylgjene av Corona.

Styret syns det kunne vore positivt å prøva å få ein del av desse pengane, og det lukkast vi med.

Det fyrste vi fekk pengar til var «Trim på hjul» som dei fleste no kjenner til. Dag Andre Mo rå Styrening har kome heim til deltakarane for å trenere med strikk. Det er no i sluttfasen av dette prosjektet med 4. gruppe. Kvar gruppe på 8 pers har trena 8 veker. Vi har og hatt fellesmiddag for kvar gruppe

på Fellesstova ved Helsetunet, der Helsetunet har ordna maten, nydeleg mat. Dette har vore svært kjekt og nyttig, både sosialt og fysisk. Vi fekk kr 155000 til dette prosjektet.

Prosjekt 2 var **Ut av Einsemد**. Her fekk vi tildelt 140 000 kr via Statsforvaltaren.

Dette var delt i 5 ulike undergrupper:

- Div. turar td Villmarka, Harastølen, Naustvoll gard, Rendedal gard og kyraslepp hjå Linda Beate Mæland.
- Felles handleturar/kafebesøk til Sogndal/Førde
- Middagar kvar. Dag på Fellesstova med song og musikk
- Tilbod om 50 % på fotpleie
- Oppstart av Datastover

Prosjekt 3 **Aktive saman**.

Her fekk vi tildelt kr 150 000 som skulle gå til ferie og aktivitetstilbod til unge og eldre og/eller personar med utfordringar. Pensjonistlaget fekk eit fint samarbeid med bo- og miljøtenesta og Sogneprodukt slik at dei fekk mange fine opplevelingar. Desse pengane fekk vi i starten av juli mnd so det vart å hive seg rundt. Vi fekk fleire fine båtturar på Esefjorden med Elise og både rib og cruise til Finnabotn. Inn på tunet turar, grilltur til Mastene og tur til Villmarka m/lunch. Det blei også plass til 2 grupper med Trim på hjul med middagr på Fellesstova.

Prosjekt 4 **Eldredagen**

I slutten av juni fekk vi tildelt kr 70 000 frå Damstiftinga som skulle brukast. Eldredagen er eit samarbeid med Folkeakademiet og den kulturelle spaserstokken v/ kommunen og pensjonistlaget. Av eit budsjett på kr. 98500 var det eit overskot på kr. 600, når alt var oppgjort. Denne gongen inviterte vi pensjonistar frå Sogndal og Høyanger og.

Prosjektmidlane har skapt mykje glede og trivsel. Laget har fått mange gode tilbakemeldingar samt nye medl. I tillegg til at prosjekta har skapt aktivitet i nærmiljøet blir midlane verande att i det lokale næringslivet. Stor takk til Tore Feten og Anders K. Thue som tok på seg ansvaret for rekneskapet for desse prosjekta.

I tillegg til desse prosjekta har laget hatt 3 ordinære lagsturar; til Lillingstonheimen i Fjaler, tunet til Asbjørn Ekse i Modalen og til Framfjorden.

Nokre tilbakeblikk.

«Trim på hjul» v/ Dag Andre Mo og Atle Sæterbakken, Høgskulen, saman med Aud Thue.

Dette var eit populært opplegg som vi vonar vi kan vidareføre.



Trim på hjul



Trim på hjul, Aud og Dag Andre



Handletur til Sogndal.



Pause med Asbjørn på senteret.



Villmarka på Leikanger. Steinar Melås viste rundt og fortalte glimt frå nokre av dei mange turane han har vore på.



Etter nydeleg lunch smakar det med ein god kopp kaffi.



Sygnælevar plantar påskeliljer som vandra frå Vetlefjorden til Hestetunet. Takk til Sigvor. Dei jobbar for ideelle prosjekt og Pensjonistlaget betalte for jobben.



Frode Skag Storheim kåserte om «Hans Dahl – mer enn maler». Frode samlar stoff til biografi om Hans Dahl. Som musikar gleda han oss også med vakre tonar frå flygelet.



Kyraslepp hjå Linda Beate Meland. Interessant å sjå den moderne og nye fjøsen.



Flott tur til Framfjorden og Nese

Skredhuset er reist til minne om raset.



Dette klyngetunet blei teke av raset 2. des. 1811 og 45 menneske omkom, berre 14 overlede. I 2009 blei det laga eit minnesmerke, ei steinrøys av 45 steinar, samla frå rasmassane. Ved sida av er Skredstova reist, der finn ein god informasjon om ulukka. På vegen heim blei det lunch på Blix hotel i Vik, samt kjøp av Gamalost. Liv Turid Bolstad, Kjell Bolstad, Anders K Thue, Olga Jorddal, Jan F Andersen, Aud Sande og omvisar Jon M Nese.



«Elise» av Thorsnes tok oss med på Esefjorden- vakkert

*Musikk av trubadurane
Geir Olav Borlaug og
Asbjørn Apneset er alltid
kjærkome på møta våre.*



Fra prosjektet «Aktive saman». Berit og Arne Sundfjord får helsa på kvelpen hos Anne-Brit Balevik på Naustvoll gard.



Koslegt besøk på Rendedal gard v/ Renate, og nydeleg traktering etterpå...og alle dei flott grønsakene, ja det blei handel og.



Finnabotn viste seg frå si vakraste side denne flotte dagen.



Kløve tok oss trygt fram og tilbake med den fine båten sin.
Her sit Ida Alte, Liv Turid Bolstad med søstrene sine:
Kjellaug Lien, og Ingerid Weum ved sida av Vidar Aam.

Astrid Lovise Stavseth, Linda Nyland, Marita Nesheim
Øverås og Arne Sundfjord.



Klara på 102 år, fekk nyte utsikta til Tuftedalen der ho vaks opp.



*Historikar/vert
Alexander Raudbotn
ved Lillingtonheimen i Fjaler.*



Lillingtonheimen. Mange spennande historiar og hendingar blei formidla. Frå venstre: Olga Jorddal, Trygve Jorddal, Kari Tordis Aarskog, Einar Målsnes, Steinar Grøneng.



«Arnafjord» er eit vakkert skue på ein speilblank fjord. Den tok folket til Finnabotn.



Kaffistund i eit pensjonistmøte i Vindreken kafe

*Novembermøte
Andreas Ramstad gleda oss med trekkspelen, gode historiar og song.*



Carsten O. Five tok oss med på eit nyttig og interessant foredrag om arv og arvefeller.



*Eldredagen 1. okt. På Kviknes hotel.
Ordf. Menes helsa pensjonistane. Jan Davidsen snakka til ein fullsett sal om pensjonistane sine utfordringar og kva forbundet jobbar med, samt den store resursen som pensjonistane er. Eit ekstra løft til festen gav Sangkoret med den fine sangen sin.*

Mathias Kalvatsvik med Bjørns orkester spela også til ein svingom etterpå. Før festen tok Mathias turen til Helsetunet med sin song og entusiasme. Her var det bløtkake til «heile huset». Av eit budsjett på 98500 vart det eit overskot på kr 600,-

Julemøte vi hadde planlagt fekk vi dverre ikkje halda.

Dette er eit glimt av nokre av aktivitetane vi har hatt. Vonar det kan skape gode minner.

Seniortreffet på Fellesstova har vi halde på, men pga Corona har det vore begrensa plass. Vi prøver å rullere på deltakarane, men nokre er «sikra plass.» Dette får vi til ved eit samarbeid mellom Røde Kors, Diakoninemnda og pensjonistlaget.

Kvar jul sender pensjonistlaget blomsterhelsing til Helsetunet, det same til medlemer som har runde dagar, 80 og 90 år.

Laget har no fått tilgang til Tilskotsportalen som har oversikt over dei aller fleste tilskot. Frivilligsentralen som vi har venta på er forstatt undervegs. 65+ kursa vi hadde tidlegare, er det søkt om støtte til og håpar dei kjem på plass att. Rett før jul blei det etablert Datastover i Sogndal kommune, ei i kvar av dei gamle kommunane. Dette er eit samarbeid mellom Seniornett og Pensjonistforbundet.

Av prosjektet Aktive saman har vi fått høve til å starte Strikkecafe. Det er kjøpt inn ein del garn av ulike slag. Tanken er å strikke til gode formål.

Laget har hatt ei fin medlemsauke siste året og det er vi glad for. Vi er no 108 medl. Det betyr og at vi har vi 2 stemmer på fylkesårsmøtet.

Styret vil rette ei stor takk til alle som har vore med å gjort året til eit slikt positivt år for laget og medlemane. Vi har vore heldige som har hatt det so bra, trass i Corona.



Harastolen er eit spennande prosjekt. Her fekk vi interessant omvising av dei nye eigarane som ynskjer å tilbakeføre hovedbygget og ei del andre til det det eingong var. Dei vil ta vare på historia. Dette blir spennande å fylgja vidare. På Jostedalen hotel fekk vi middag og Einar Ese spela på sin einradar.

Styret: Anders Thue

Liv Turid Bolstad

Ander H. Balevik

Olga Jorddal

Anny Urtegård

MOTTEKNE GÅVER OG MIDLAR

- 2019** Gåve frå Sogn Sparebank kr 35000 til Mobil teleslyng
2021 Damstiftelsen kr 80000 til Eldredagen Coronamidlar
Trim på hjul kr 155 000
Aktive saman kr 150000, tilbake bet 12000
Ut av einsemd kr 140000
2022 Sparebankstiftinga kr 10000 til Eldredagen
2022 Elkjøpfondet kr 50000 til datautstyr
Sogn Bank kr 20000 til 4 doble benker
Sjakkforum Norge 2 dbl Sjakkbord
2022 Anonym gav til laget på kr 40000- til kulturopplevingar.

Den kulturelle spaserstokken, der kommunen årleg sokjer midlar frå Fylkemannen, er av stor verdi for laget. Laget har i tillegg fått diverse tilskot til kulturarrangement og turar.

GÅVER LAGET HAR GJEVE

- 2019** Nye gardiner på stovene Helsetunet kr 10000
Balestrand Opp kr 5000
Holmaduren kr 5000
2020 Tilskot til nytt lydanlegg i Tjugum kyrkje kr 18000, utlodning
2021 Balestrand Songlag fekk overskotet frå eldrefesten, kr 5000.

Laget har elles bidrige økonomisk til fleire konserter ved Helsetunet, gjennom åra.

ME BLAR I ALBUMET



Sykkeltaxi. Tage Sandvold, Trond Sundby, Marianne Hoff og Anders K Thue beundrar den flunkande nye farkosten. Alle håpar at han vil rulla til glede i bygda. Foto: Anny Urtegård



*På stand i Holmen. Asbjørn Ekse med trekkspellet
Foto: Anny Urtegård*



*Pærehaust med lift i Hittunhagen. Asbjørn Ekse haustar
pærer til Helsetunet. Foto: Anny Urtegård*



*Festpynta til julemøtet 2023.
Foto: Anny Urtegård*



Grjotvin kvilleplass «Livd». Foto: Anny Urtegård

Denne plassen blei gitt til kommunen av Anders Skaasheim til bruk for «ålmenta». Saman med Sogelaget tok Pensjonistlaget initiativ til ei kulturløype der denne plassen er ein stoggestad. På skiltet får ein informasjon om staden og historien bakom. Etter initiativ av Pensjonistlaget, lyste kommunen ut ein konkurranse mellom arkitektstudentar i Bergen. Utforminga blei finansiert med spelemidlar. Bygningen har fått namnet «Livd».

Denne lenkja leier til meir informasjon på nettet: <https://www.mimresogn.no/no/grjotvin>



BALESTRAND PENSJONISTLAG

25 ÅRS JUBILEET

Slik såg dei ut, pensjonistane som feira 25 år. Å, for ein fargerik gjeng! Skulle ønske vi kunne høyre kva dei snakka om då dei skulle stille opp for fotografen på denne turen. Bildet blei så flott at dei brukte det til framsidebilde på jubileumsheftet i 1999 - like før eit nytt tusenår. 25 nye år er gått inn i historien, og det er tid for ein refleksjon.

Har vi blitt endå meir fargerike og har vi lagt til gode blad i minneboka? Vi trur det!



KAPITTEL

10

Etterord



“Med løvetannstyrke og epleblomstrende kan du flytte fjell”

*Så er det å vona at laget vil halda fram med same ihuga som no. Medlemene vil skifta med åra.
Me vonar at laget må vera til nytte og glede for alle som går der, i tidene som kjem.*

(Sitat Bernhard Rutledal)



I hagen til Anna Holen. Frå venstre: Ola Farnes, Johanna Farnes, Brita Halse, Kristen Langeteig, Maria Haugen, Konrad Linde, Anna Holen, Elsa Målsnes, Karl Bøyum, Petra Linde (Lindane), Ola A Målsnes, Anna Thue, Brita Farnes (Trond-Brita), Henrik Asperheim, Bernhard Rutledal. Bileteigar: Balestrand Pensjonistlag

LEIARANE I BALESTRAND PENSJONISTLAG

Skal eit lag fungera godt, må alle medlemene yta det dei kan. Likevel er det ikkje til å koma frå at det blir eit ekstra ansvar for leiarane. Derfor meiner me det er på sin plass å nemna dei her.

- | | |
|------------|-------------------------------|
| 1974–1990: | Anna Holen |
| 1990–1992: | Per Limmesand |
| 1992–1996: | Arne Målsnes |
| 1996–1998: | Sigurd Farnes |
| 1998–1999: | Kontaktperson Sigurd Farnes |
| 1999–2008: | Inger Sjøthun |
| 2008–2010: | Maria Gjerde |
| 2010–2011: | Sigrun Ytrefjord |
| 2011–2014: | Jan Andersen |
| 2014–2016: | Atle Instebø |
| 2016–2024: | Anny Urtegård |
| 2024– | Kontaktperson Karstein Fardal |

«Med løvetannstyrke og epleblomstrende kan du flytte fjell»

Heftet du held mellom hendene, handlar om kvinner og menn som har dedikert tid og sinn, trott og tanke til store løft. Slik vart Balestrand Pensjonistlag forma til den blomen det er i dag.

Vi har krydra kvart kapittel med akvarellar av Bjørg Frøisok Bjøberg. Dei er valde ut for å symbolisera innhaldet i kapitlet. Korleis dei sam-handlar med tekstane, blir opp til kvar einskild lesar å finna ut.

Kjærleik til bygdene, naturen og kulturen

Menneska som bur i dei små bygdene, ved fjorden og under dei høge, mektige fjella, går med mange slags tankar om liv og lagnad, tid og tidskifte. Nokre av dei har evner til å setje tankane ut i ord, rim og songar. I dette skriftet gjev vi spalte-plass til einskilde av desse som har vore medlemer av Balestrand Pensjonistlag.

På denne sida er Jens K Ese sin "Song til Esefjorden"

På neste oppslag er to versjonar av "Song til Balestrand"

Jens K Ese Song til Esefjorden

Mellom fjell og skogkledd li
ligg ein liten fjord så blid.
Ingen er så blank og fin,
så godt at du er min.

Refr:
Ja, Esefjorden,
d'er du som er min fjord.
Om du er liten, for meg så er du stor.
Ved dine strender fritt eg kan meg snu.
Her i desse grender, der er det gildt å bu.

Heggeduft og blomstedryss
mangt eit lite elskovskyss
det som skjer ikring di strand,
seg spegar att mot land.

Sildestim og aureflokk
vakar på ditt blanke lok.
I min båt ved solnedgang
eg nynnar glad min sang.


Sliten kropp og tungsamt sinn
kviknar til på fjorden min.
Når eg ut på fjorden dreg,
då ordnar allting seg.

Refr:
Ja, Esefjorden,
d'er du som er min fjord.
Om du er liten, for meg så er du stor.
Ved dine strender fritt eg kan meg snu.
Her i desse grender, der er det gildt å bu.



"Det vilde og det milde"
Ved Esefjorden ein vakker vårdag

Esedalen snor seg frå fjorden innunder Spenadne og Munkeggi til venstre. og Geithalsnipa til høgre.



Sigrunn Ytrefjord Song til Balestrand

Ved Sognefjord eg veit ei grend
med lange slake lier:
Ho er 'kje stor, men vide kjend
og lovprist gjennom tider:
Med fjord og fjell og himmel vid,
med snø på toppar og lauv i li.
Slik står ho fram med all si prakt:
Eit under i frå skaparmakt!

Her sit Kong Bele på sin haug
og beint tvers over fjorden
står Fridtjov Frökne, rank og stor
av herseslekter boren.
Vårt soge gull frå vikingtid
er hegna om her i bygdi mi.
Det knyter band til fari ætt,
som odla oss vår heimstadrett.

Ja, Balestrand, mi heimbygd kjær
med vollar, li og lundar:
Du er meg alltid like nær,
sjølv når mitt auga blundar.
Du lyser bjart, når livet gror
med eplehagar og blomsterflor.
Dei Esefjell i snøkvit drakt:
Eit under i frå skaparmakt!

Sjå Esefjorden blank og blå
i svarte stilla myser,
der sildestimar er å sjå,
septembermånen lyser.
Her våre fedrar sette bu,
og ættararven fekk eg og du.
Når våre dagar talde er,
du unner oss å kvila her.

Maria Gjerde Song til Balestrand

Ved Sognefjord, langs stranda
vendt mot nord,
der ligg ei bygd med lier fjell og fjord,
med vikar, nes og holmar tett ved land:
Ei vakker bygd med namnet Balestrand.

Og ferdafolk beundra denne stad.
Dei slo seg ned og vart i bygda glad.
Hotell og vertshus etter kvart voks fram,
og vart ein næringsveg for kvinne, mann.

Her varma sol i li og bakkehell,
og havgula det kjølar ned ved kveld.
Eit lunt og frodig klima finn ein her,
for folk og fe, ja, også frukt og bær.

I fjorden leikar fisk og silda feit.
I lia beitar ku og sau og geit.
Og eitt og anna vilt ein og kan sjå
når ein til fjells ein rusletur vil gå.

Og folket syslar her med eitt og hitt,
med vaksen - jobb, og ungane med sitt.
På skulane der kan ein kunnskap få,
eit grunnlag godt å byggja framtid på.

Og så når vinterkvelden fell litt lang,
med har kulturliv, idrett dans og sang,
så kvar og ein kan noko finne på
og ikkje ledig rundt omkring å gå.

I Balestrand me leve vil og bu,
nok plass og fridom har me, vil me tru.
Og ønsker nokon vitje bygda vår,
dei er velkomne sumar, haust og vår.



Pensjonistforbundet
Stifta 1951

**TYDELIG
STERK
SYNLIG**